



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet i Kvam herad
Møtestad:	Teams-møte
Dato:	27.05.2020
Tid:	09:00

Møteplan:

Kl. 09.00 - 11.00 Kurs i kommunelov og tilhøyrande forskrifter ved Deloitte
- Generell del med viktige endringar i ny kommunelov
- Spesiell del som går på endringar som gjeld kontrollutvalet
Kl. 11.00 - Sakshandsaming

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette så snart som råd ved å ringa til Roald Breistein tlf. 97 50 51 52 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemmer er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemmer må møte, vil det bli gitt nærare beskjed.

Det er planlagt at Roald Breistein møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Gjermund Stuve
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentanter til kontrollutvalet
 Ordførar
 Revisor
 Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 5/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte i kontrollutvalet	2020/73	
Politiske saker			
PS 19/20	Kontrollutvalet på heimesida til Kvam herad	2020/153	
PS 20/20	Innstilling - Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024	2019/46	
PS 21/20	Innstilling - Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad	2019/47	
PS 22/20	Gjennomgang av møteprotokollar	2020/74	
PS 23/20	Eventuelt	2020/77	
Referatsaker			
RS 10/20	Partsbrev - Henvending frå Hardanger AKS	2019/47	
RS 11/20	FKT - medlemsinformasjon mai 2020	2020/55	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av innkalling og sakliste



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/73-9
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utvai	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	6/20	27.05.2020

Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte i kontrollutvalet

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 27.04.2020 er lagt ved saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet i Kvam herad
Møtestad:	Teams-møte
Dato:	27.04.2020
Tid:	09:00 - 11.40

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gjermund Stuve	Leiar	SP
Anita Sørnes	Medlem	FRP
Svanhild A. Botnen	Medlem	SP
Håvard Gjerde	Medlem	R

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Michael Iversen	Nestleiar	AP

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torgeir Magnar Børve	Michael Iversen	SP

Merknader

Andre som møtte:

Namn	Stilling
Anita Hesthamar	Rådmann
Olav Botnen	Økonomisjef, sak PS 12/20
Unni-Renate Moe	Partner i Deloitte, til kl. 10.20
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor i Deloitte
Roald Breistein	Seniorrådgjevar Vestland fylkeskommune

Gjermund Stuve
utvalsleiar

Roald Breistein
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/20	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte i kontrollutvalet	2020/73	
	Politiske saker		
PS 12/20	Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet	2015/165	
PS 13/20	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad 2020	2020/134	
PS 14/20	Gjennomgang av møteprotokollar	2020/74	
PS 15/20	Eventuelt	2020/77	
PS 16/20	Val av revisor for Kvam herad - Tilråding frå kontrollutvalet	2014/133	
PS 17/20	Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - Prosessmøte 2	2019/46	
PS 18/20	Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - Prosessmøte 2	2019/47	
	Referatsaker		
RS 8/20	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon mars 2020	2020/55	
RS 9/20	Reglement for kontrollutvalet i Kvam herad 2019	2020/135	

Godkjenningssaker

GK 3/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent.

GK 4/20 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte i kontrollutvalet

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko under dette punktet.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 12/20 Årsrekneskap og årsmelding 2019 for Kvam herad - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap for 2019.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 14.09.2019 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Rådmann, Anita Hesthamar, og økonomisjef, Olav Botnen, presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Partner i Deloitte, Unni-Renate Moe, orienterte om den gjennomførte revisjonen av årsregnskapen for Kvam herad og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det vart kommentert at det i Kvam herad sin presentasjon kom fram at det er berekna ei lånegjeld på 138 % medan det i sekretariatet si saksutgreiing kjem fram ei lånegjeld på 124,4 %. Dette skuldast at Kvam herad har nytta bruttotal medan sekretariatet har nytta netttotal slik Riksrevisjonen definerer det i dokument 3:5 (2014-2015), dvs. «Netto lånegjeld er langsiktig gjeld (eksklusiv pensjonsforpliktelser) fratrukka totale utlån (formidlingslån og utlån av egne midler) og ubrukne lånemidler».

Det var feil dato i punkt 2 i forslag til vedtak, den rette datoen skal vera 14.09.2020.

Med denne endringa i punkt 2 vart uttalen samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Kvam herad sin årsrekneskap for 2019.

2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 12 for 2019 frå Deloitte ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 14.09.2020 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

PS 13/20 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve Kvam herad 2020

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Kvam herad, til etterretning.

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Partner i Deloitte, Unni-Renato Moe, presenterte bakgrunnen for uavhengighetserklæringa.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar eigenvurderinga frå partner Unni Renate Moe, vedrørande om Deloitte AS er uavhengig i høve Kvam herad, til etterretning.

PS 14/20 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstilling til orientering.

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

I dette møtet vart desse møteprotokollane gjennomgått:

- | | |
|-----------------|------------|
| • Heradsstyret | 15.04.2020 |
| • Formannskapet | 31.03.2020 |

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstilling til orientering.

PS 15/20 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko i denne saka.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

PS 16/20 Val av revisor for Kvam herad - Tilråding frå kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Heradsstyret i Kvam herad vel.....som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024.

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Innstilling

Heradsstyret i Kvam herad vel Deloitte som revisor frå 01.07.2020 til 30.06.2024.

PS 17/20 Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 13.05.2020.

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Kari Gåsemyr frå Deloitte faciliterte prioritering av prosjekt til plan for forvaltningsrevisjon saman med kontrollutvalet i prosessmøte 2.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for forvaltningsrevisjon så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 13.05.2020.

PS 18/20 Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 - Prosessmøte 2

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering.
2. Endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 13.05.2020.

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Kari Gåsemyr frå Deloitte faciliterte prioritering av prosjekt til plan for eigarskapskontroll saman med kontrollutvalet i prosessmøte 2.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 2, forslag til prioritering av plan for eigarskapskontroll så langt til orientering.

2. Endeleg forslag til plan for eigarskapskontroll skal handsamast i neste møte i kontrollutvalet og sakstilfanget vert å sende sekretariatet seinast innan 13.05.2020.

Referatsaker

RS 8/20 Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinformasjon mars 2020

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

RS 9/20 Reglement for kontrollutvalet i Kvam herad 2019

Saksprotokoll i 27.04.2020 - kontrollutvalet i Kvam herad

Handsaming i møte

Det vart gjort slikt samrøystes vedtak.

Vedtak

Referatsaka vart teken til orientering.

Politiske saker

PS 19/20 Kontrollutvalet på heimesida til Kvam herad



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/153-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	19/20	27.05.2020

Kontrollutvalet på heimesida til Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner tekst om kontrollutvalet som skal leggjast ut på heimesida til Kvam herad, med dei endringane som kom fram i møtet.
2. Kontrollutvalet ber om at Kvam herad legg ut den godkjende teksten på heimesida.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva dei meiner bør stå om kontrollutvalet på heimesida til Kvam herad.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forslag til tekst om kontrollutvalet på heimesida til Kvam herad

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det som ligg på heimesida til Kvam herad i dag som omhandlar kontrollutvalet finn ein på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/kontrollutvalet/>

Slik sekretariatet ser det bør denne informasjonen utdjupast noko. I samråd med leier i kontrollutvalet vert difor denne saka lagt fram til handsaming.

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å føreslå at denne teksten kan leggjast ut på Kvam herad sin heimeside, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av det som går fram over har sekretariatet laga vedlagte forslag til tekst som kan leggjast ut på Kvam herad si heimeside.

Konklusjon

Kontrollutvalet vert invitert til å drøfte vedlagte forslag til tekst om utvalet, og gjera naudsynte endringar i teksten, slik at den kan leggjast ut på Kvam herad si heimeside.

Kontrollutvalet i Kvam herad:

Heradsstyret vel representantar til kontrollutvalet. Utvalet har 5 medlemmar og minimum ein av desse må vera medlem av heradsstyret. Leiar i utvalet kan ikkje vera medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordførar. Medlemmane og varamedlemmane kan ikkje vere representerte i andre politiske utval.

Utvalet er heimla i **kommunelova kapittel 23** https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83?q=kommunelova#KAPITTEL_7-2 og **forskrift om kontrollutvalg og revisjon kapittel 1** https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1

Kontrollutvalet har normalt 5 ordinære møter i året. Møta er opne for publikum og sakspapir/protokoll for kontrollutvalet finn du [her](#). Møteplan for kontrollutvalet finn du [her](#).

Kontrollutvalet har følgjande faste medlemmer:

- Gjermund Stuve, leiar (Sp)
- Michael Iversen, nestleiar (Ap)
- Anita Sørnes (FrP)
- Svanhild A. Botnen (Sp)
- Håvard Gjerde (R)

Følgjande er varamedlemmer til kontrollutvalet i slik rekkefølge: Torgeir Magnar Børve (Sp), Katrine Froestad (SV), Kjerstin Valland (Ap), Ronny Samland (Frp), Erla Gunnarsdottir (Sp).

E-post til kontrollutvalet kan sendast til leiar, Gjermund Stuve: gjestu@kvam.kommune.no med kopi til Roald Breistein, sekretariat for Kvam kontrollutval: Roald.Breistein@vlfk.no

Oppgåver:

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltninga på heradsstyret sine vegne. Kontrollutvalet har som hovudformål å medverke til ei almenn tillit i befolkninga, i høve best mogleg løysing av kommunale oppgåver. Vidare at den kommunale oppgåveløysinga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og politiske vedtak.

Til hjelp i dette arbeidet får kontrollutvalet utført rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon av verksemda i heradet og av verksemda i selskap heradet har eigarinteresser i, eigarskapskontroll av selskap heradet har eigarinteresser i og andre kontroll- og tilsynsoppgåver ved bestillingar til den valde revisor.

Utvalet skal også sjå til at heradet har ei forsvarleg revisjonsordning. Sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet, kan ikkje leggst til heradsadministrasjonen, eller til revisjonen.

Kontrollutvalet rapporterer resultatet av sitt arbeid til heradsstyret. Revisjonsrapportar etter gjennomførte revisjonar finn du [her](#).

Årsmeldingar for kontrollutvalet finn du [her](#).

Det er laga eige reglement for kontrollutvalet i Kvam herad som du finn [her](#).

Den valde revisor:

Kvam herad har inngått avtale med **Deloitte AS** <https://www2.deloitte.com/no/no/pages/about-deloitte/articles/deloitte-bergen.html> om kjøp av revisjonstenester. Revisjonstenestene omfattar rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll i selskap som heradet har eigarinteresser i, og andre kontroll- og tilsynsoppgåver i regi av kontrollutvalet.

Sekretariat for kontrollutvalet:

Kvam herad kjøper sekretariatstenester for kontrollutvalet hjå **Sekretariat for kontrollutvalet**
<https://www.vestlandfylke.no/om-oss/organisasjon/kontrollutvalget/> i Vestland fylkeskommune.

Sekretariatstenestene omfattar mellom anna saksførebuing for kontrollutvalet, møteinnkalling og saksoppfølging etter møter. Døme; føring av møteprotokoll og iverksetjing av vedtak. Sekretariatsfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underlagt kontrollutvalet. Sekretariatet pliktar å følgja utvalet sine retningslinjer og pålegg.

Viktige lenker:

Kontrollutvalgsboka

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/kontrollutvalgsboken/id2468270/>

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)

<https://www.fkt.no/>

Norges kommunervisorforbund (NKRF)

<https://www.nkrf.no/>



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/46-15
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	20/20	27.05.2020

Innstilling - Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til heradsstyret etter kvart.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å legg fram sak om plan for forvaltningsrevisjon for Kvam herad for perioden 2020 - 2024. Planen skal vidare til heradsstyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kvam herad - risiko og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- 2 Plan for forvaltningsrevisjon - Kvam herad 2020-2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyder slik:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 - 2024
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av heradet si verksemd og verksemda i heradet sine selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av heradsstyret som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slik vedtak 27.11.2019:

1. *Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 150 timar for arbeid relatert til dei to planane som går fram av prosjektplanen.*
2. *Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll.*
3. *Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.*

Deloitte har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering m.a. gjennomført dokument- og statistikkanalyse, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, elektronisk spørjeundersøking for administrative leiarar og heradsstyret, intervju med administrative og politiske leiarar i heradet og prosessmøter med kontrollutvalet. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 09.03.20 vart det sett fokus på risikoar innanfor heradet sine ansvarsområde og knytt til selskapa der heradet har eigarinteresser. I møtet 27.04.20 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 27.04.20. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Kvam herad, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Det er gjort nokre justeringar i dette dokumentet etter førre møte i kontrollutvalet og ny versjon av dokumentet ligg ved som vedlegg 1.

Det føreligg også utkast til plan for forvaltningsrevisjon som ligg ved saka som vedlegg 2. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal vidare til heradsstyret som fattar endeleg vedtak.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til heradsstyret, som vedtar plan for forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2020 - 2024. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2023, medan ferdigstilling av plan for forvaltningsrevisjon for neste periode truleg skjer i 2024, med nasjonal frist ved utgangen av 2024.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av heradet si verksemd og verksemda i heradet sine selskap det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom 32 område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for 8 av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett i ei uprioritert gruppe. Kontrollutvalet må ut frå dette ta stilling til om dei er einige i forslag til prioritering som no ligg føre.

Den førre planen for forvaltningsrevisjon i kvam herad blei utarbeidd i 2016, og skulle gjelda for perioden 2016 - 2020. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført ei evaluering av planen midt i planperioden for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet pleier å senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til heradsstyret for endeleg handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til heradsstyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av heradsstyret sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for heradsstyret for endeleg avgjerd.



Kvam herad

Risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon
og eigarskapskontroll

Mai 2020

«Risiko- og vesentlegvurdering for
forvaltningsrevisjon og
eigarskapskontroll»

Mai 2020

Rapporten er utarbeidd for Kvam
herad av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhold

1.	Innleiing	5
2.	Organisering og nøkkeltal	8
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	12
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	27
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	40
6.	Gjennomførte og planlagte forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	42
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	44

Detaljert innhaldsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Forvaltningsrevisjon	5
1.3	Eigarskapskontroll	5
1.4	Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll	6
1.5	Metode og gjennomføring	6
1.6	Lesarretteiing	7
2.	Organisering og nøkkeltal	8
2.1	Organisering	8
2.2	Finansielle nøkkeltal	8
2.3	Befolkningsutvikling	10
2.4	Kommunen sine eigarskap	10
3.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga	12
3.1	Sektorovergripande funksjonar	13
3.2	Oppvekst	18
3.3	Pleie og omsorg	20
3.4	Informasjon og teknisk	23
3.5	Plan og byggesak	24
3.6	Samfunn, næring og kultur	25
3.7	Kommunale føretak mv	26
4.	Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap	27
5.	Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde	40
6.	Gjennomførte og planlagte forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn	42
6.1	Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar	42
6.2	Gjennomførte og planlagde statlege tilsyn	42
7.	Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar	44
7.1	Forvaltningsrevisjon	44
7.2	Eigarskapskontroll	45

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn

I samsvar med prosjektplanar vedteke av kontrollutvalet i møte 27.11.2019 i sak PS 48/19 (plan for eigarskapskontroll) og sak PS 49/19 (plan for forvaltningsrevisjon) har Deloitte gjennomført risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-vurderingar) av Kvam herad si verksemd og for selskapa der Kvam herad har eigarinteresser. Føremålet med ROV-vurderingane har vore å skaffe relevant informasjon om dei delane av verksemda i heradet og selskapa der heradet har eigarinteresser, som det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll.

ROV-vurderingane er systematiserte og framstilte i dette analysedokumentet. Dokumentet dannar grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2020-2024. Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide slike planar. Kommunestyret skal vedta planane.

I arbeidet med ROV-vurderingane og utarbeidinga av analysedokumentet har det blitt gjennomført møte med kontrollutvalet, dokumentgjennomgang, intervju og spørjeundersøking (sjå seksjon 1.5).

Analysen er av overordna karakter og i stor grad basert på innspel som har kome fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av føreliggjande dokumentasjon. Datagrunnlaget er i avgrensa grad verifisert. Datagrunnlaget er i analysedokumentet nytta som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgjast opp/undersøkjast i forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll eller gjennom andre undersøkingar dersom kontrollutvalet og kommunestyret ønskjer dette.

1.2 Forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3 går det fram at forvaltningsrevisjon inneber å gjere systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, målinnfriing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Same lov § 23-2 bokstav c), pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd og av selskap som kommunen har eigarinteresser i.

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

Det er vidare eit krav at plan om forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering (ROV-vurdering):

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Det er kommunestyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.3 Eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll er ei oppgåve som er lagt til kontrollutvalet etter kommunelova § 23-2 bokstav d), og er nærare skildra i kommunelova § 23-4. Der går det fram at eigarskapskontroll inneber å kontrollere om forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser blir skjøtta i samsvar med regelverk, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

Som med plan for forvaltningsrevisjon, skal også plan for eigarskapskontroll vere basert på ei ROV-vurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap.

Føremålet med ROV-vurderinga er å skaffe relevant informasjon om kor det er størst behov for eigarskapskontroll, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å leggje ein plan for eigarskapskontroll og å prioritere kva eigarskapskontrollar det kan vere aktuelt å gjennomføre.

Det er kommunestyret som vedtek plan for eigarskapskontroll. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

1.4 Forskjell mellom forvaltningsrevisjon i selskap og eigarskapskontroll

Ny kommunelov skil mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. I ein **eigarskapskontroll** er merksemda retta mot korleis kommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Kriteria vi legg til grunn er mellom anna regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, kommunale eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. I ein **forvaltningsrevisjon av selskap** er merksemda retta mot sjølve selskapet, og vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

1.5 Metode og gjennomføring

I prosessen med ROV-vurderingar har vi nytta ein metodikk med høg grad av involvering, både av kontrollutvalet og av sentrale personar i administrasjonen og i kommunestyret. Ei slik tilnærming har bidrege til at vi har avdekka kva forvaltningsområde, tenesteområde, selskap og eigarskap det er knytt størst risiko til. I tillegg har høg grad av involvering bidrege til å forankre planarbeidet og gjere det kjent både i kommunestyret og i administrasjonen. Dette vil skape eit godt grunnlag for gjennomføring av prosjekta som blir prioritert i planane.

1.5.1 Prosessmøte 1 med kontrollutvalet

I det første prosessmøtet fekk kontrollutvalet høve til å diskutere og vurdere risikoar innanfor kommunen sine ansvarsområde og knytt til drifta i selskapa der kommunen har eigarinteresser, basert på eiga erfaring frå arbeidet i kontrollutvalet.

1.5.2 Dokumentanalyse

Dokumentanalysen tok utgangspunkt i planar, meldingar og rapportar frå heradet. Vi har òg undersøkt kva tilsyn som er gjennomført og eventuelt planlagt i kommunen. Desse har samla gitt eit oversyn over kommunen sine mål og strategiar, samt bidrege til å avdekkje område med risiko eller behov for forbedring.

1.5.3 Analyse av statistikk

Vi har gjennomgått KOSTRA-tal, tal frå kommunebarometeret og anna relevant statistikk som ligg føre for å undersøke om det er område der kommunen skil seg frå kommunar det er relevant å samanlikne seg med (kommunegruppa) og gjennomsnittet for landet. Samanlikningane kan gje indikasjonar på risikoområde som det kan vere relevant å undersøke nærare.

1.5.4 Intervju

Vi har gjort intervju med både politiske og administrative leiarar i kommunen. Vi har intervjuar rådmann, samt sentrale leiarar frå administrasjonen (8 personar). I tillegg har vi intervjuar ordførar, varaordførar og utvalsleiar for nærings-, plan- og bygningsutvalet (3 personar). Intervjua er gjennomførte per telefon.

1.5.5 Elektronisk spørjeundersøking

Administrative leiarar og heile kommunestyret har vore involvert i ROV-vurderingane gjennom ei undersøking i Questback (elektronisk spørjeundersøkingsverktøy). I spørjeundersøkinga blei desse bedne om å peike på potensielle risikoar innanfor det tenestoområdet dei har ansvar for eller kjenner til, samt risikoområde knytt til selskap kommunen eig. 18 respondentar svara på spørjeundersøkinga av eit utval på 47 (svarprosent på 38 %). Av desse var det ni folkevalde og ni leiarar som svara. Spørjeundersøkinga var nyleg publisert då det blei sett i verk ei rekke omfattande tiltak nasjonalt i samband med koronapandemien og kommunen fekk mykje arbeid med å lage planar for å handtere krisa. Vi reknar med at dette kan ha hatt innverknad på svarprosenten i spørjeundersøkinga.

1.5.6 Gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase

Deloitte har nytta Bisnode SmartCheck for å få tilgang til rekneskapsopplysningar og informasjon om eigarskap og eigarskapsstruktur. Denne informasjonen er nytta både for å få oversyn over alle aktuelle selskap som skal omfattast av ROV-vurderingane, og for å avdekkje eventuelle risikoar gjennom dei føreliggjande finansielle nøkkeltala.

1.5.7 Prosessmøte 2 med kontrollutvalet

I dette møtet legg revisjonen fram ROV-vurderingane (dette dokumentet) og basert på desse, forslag til prosjekt. ROV-vurderingane og forslag til prosjekt vil i dette møtet bli lagt til grunn når kontrollutvalet skal prioritere område eller prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for dei neste fire åra.

1.5.8 Vedtak av plandokument

Basert på dei prioriteringane som kontrollutvalet gjer i prosessmøte 2, vil det bli utarbeidd to plandokument. Dette dokumentet blir vedtatt av kontrollutvalet før det blir sendt vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

1.6 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den ROV-vurderinga er systematiserte og framstilte i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar.

I kapittel 2 gir vi ei kort oversikt over organisering av og nøkkeltal for heradet.

Kapittel 3 og 4 omhandlar forvaltningsrevisjon. Her presenterer vi oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga og i kommunen sine selskap som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet. Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenestoområde og dei selskap kommunen har eigarskap i.

I kapittel 5 presenterer vi dei risikovurderingane vi har gjort for kommunen når det gjeld eigarskapskontroll.

Kapittel 6 inneheld oversikt over tidligare gjennomførte og pågåande forvaltningsrevisjonar, selskapskontrollar, eigarskapskontrollar, samt oversikt over gjennomførte og planlagde tilsyn.

I kapittel 7 viser vi forslaga våre til moglege forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar basert på dei risikovurderingane som er gjennomførte. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å leggje til og/eller ta bort prosjekt i lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 og plan for eigarskapskontroll 2020-2024, som skal leggjast fram for heradsstyret.


2. Organisering og nøkkeltal

2.1 Organisering

Leiinga i Kvam herad består av rådmann, HR-sjef, samt seks kommunalsjefar for følgjande einingar:

- Oppvekst
- Helse og omsorg
- Informasjon og teknisk
- Plan og byggesak
- Samfunn, næring og kultur
- Økonomi

Figur 1: Organisasjonskart Kvam herad



2.2 Finansielle nøkkeltal

Netto driftsresultat er ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren, jf. berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt. TBU tilrår at netto driftsresultat for kommunane er på 1,75 %.

I årsmeldinga for 2019 for Kvam herad går det fram at netto driftsresultat var 17,6 mnok i 2019, noko som utgjer 2 % av brutto driftsinntekter. Rådmannen viser til at Kvam herad for fjerde år på rad har eit positivt netto driftsresultat.

Disposisjonsfondet er kommunen sin reserve til å dekke uføresette utgifter, sviktande inntekter, underskot og eigenkapital til investeringar. Ifølgje kommunebarometeret har Kvam herad eit disposisjonsfond på 9,4%. Dette er noko over gjennomsnittet for kommunegruppa (8,4 %). Kor stort disposisjonsfondet bør vere for at kommunen skal kunne ta hand om ein rimeleg risiko, varierer relativt til andre økonomiske parameter (mellom anna renteeksponert gjeld, høg skatteinntekt som del av total inntekt og høge finansinntekter relativt til andre inntekter).

I følgje årsmeldinga for 2019 brukte Kvam kommune 17,5 mnok meir av disposisjonsfondet enn det vart avsett og at bruken er knytt til midlertidig finansiering av Hardangerbadet. I følgje budsjettet for 2020 har Kvam kunne sett av midlar til disposisjonsfond dei siste åra, men kommunen har ikkje ramme til å setja av midlar til disposisjonsfond i 2020 eller i økonomiplanperioden.

Frå Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 går det fram at Kvam herad 2020 har budsjettert med driftsinntekter på 875,1 mnok² og driftsutgifter på 891,5 mnok. Det blir elles opplyst om at heradet har lågare skatteinntekter enn landet elles, men at kommunen òg er ein kraftkommune, noko som medfører at kommunen har mellom 40-60 millionar kroner ekstra å bruka til tenesteproduksjonen. Desse ekstra

inntektene har mellom anna blitt brukt på kommunen si satsing på førebyggjande arbeid, tidleg innsats og investeringar.

Økonomiplanen legg opp til nedgang i kraftinntekter og inntekter frå eigedomsskatt. Det blir vist til at heradet må finne nye tiltak for å få ned driftsnivået. Samtidig er det planlagt investeringar for betydelege summar, som vil forverra finansresultatet ytterlegare. Auke i total gjeld i økonomiplanperioden, vil også medføre auke i avdrags- og renteutgifter utover det som ligg i noverande økonomiplan. I følgje økonomiplanen vil Kvam herad vere langt frå det nasjonale målet for netto driftsresultat i planperioden.

Investeringane i heradet er i hovudsak lånefinansiert, og Kvam herad vil ha over 1,5 milliard kroner i lån i økonomiplanperioden etter at det m.a. er bygd/ombygd barnehagar, skular, omsorgsbustadar, institusjonsplassar og infrastruktur for vatn og avlaup. Gjelda vil utgjera nærare 170 % av brutto driftsutgifter i økonomiplanperioden, mot eit nasjonalt tilrådd mål på 75 %. Per 31.12.18 forvalta kommunen eigedelar verdsett til 3,0 milliardar kroner. Høg lånegjeld vil kunne påverke handlingsrommet til kommunen.

Tabellen under viser **driftsbudsjettet for dei ulike tenestoområda** i Kvam herad i 2019 og 2020 og estimert budsjett vidare i økonomiplanperioden. Tabellen viser også rekneskapstal for 2018.

Tabell 1 Driftsbudsjett, budsjettskjema 1 A henta frå budsjett 2020, økonomiplan 2020-2023, Kvam herad

	Regnskap 2018	Budsjett 2019 opphaveleg	Budsjett 2019 justert	Endring 2020-2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
Finans og fellespostar	-58 508	-40 709	-65 035	-2 251	-67 286	-55 843	-58 216	-56 469
Styring og kontrollverksemd	4 560	5 652	5 702	-515	5 188	5 571	5 179	5 589
Administrasjon	39 010	41 018	42 594	6 201	48 795	43 587	43 725	43 891
Barnehagar	71 785	72 679	79 561	4 615	84 177	83 186	84 736	84 898
Grunnskuleopplæring	140 796	149 520	153 421	8 745	162 166	163 086	164 965	163 901
Kommunehelse	31 794	33 018	35 616	-1 450	34 166	33 859	34 011	34 172
Pleie og omsorg	209 633	206 084	211 439	7 375	218 814	216 342	216 578	217 888
Sosialeteneste	33 997	32 964	33 542	-1 311	32 231	31 961	32 035	32 114
Barnevern	17 710	20 489	21 227	-1 405	19 823	19 710	19 770	19 834
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-1 446	-15 805	-11 458	-1 188	-12 645	-12 797	-12 758	-12 716
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	12 156	14 202	14 988	-287	14 701	14 047	13 878	13 960
Kultur	22 787	28 391	29 652	-1 241	28 411	28 058	28 153	28 255
Kyrkja	5 723	5 863	5 863	165	6 028	6 028	6 028	6 028
Samferdsel	12 093	16 027	16 098	-2 937	13 161	13 160	12 686	12 714
Bustad	-2 139	-1 542	-261	-4 616	-4 877	-5 047	-5 021	-4 994
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	20 156	20 980	24 981	-969	24 012	23 700	23 706	23 713
Brann- og ulykkesvern	11 044	10 116	10 565	2 386	12 952	7 769	7 811	7 856
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1 757	4 310	4 323	218	4 542	2 042	2 042	2 042
ALLE	572 910	603 259	612 821	11 536	624 357	618 418	619 309	622 677

Tenestoområde pleie og omsorg utgjer størst del av budsjettet og utgjer i budsjettet for 2020 ein del på om lag 35%. Budsjettet for dette området blei justert opp i 2019 og budsjettet for 2018 legg opp til ein ytterlegare auke i budsjettet. Vidare i planperioden er det lagt opp til ein viss reduksjon i budsjettet for dette området. Dei to andre store postane i driftsbudsjettet er høvesvis grunnskuleopplæring (om lag 26% av 2020 budsjettet) og barnehagar (om lag 13% av 2020 budsjettet). Også desse sektorane fekk oppjustert

budsjettet i 2019 og har fått ein auke i budsjettet i 2020 i høve til tidlegare år. I økonomiplanperioden er det lagt opp til relativt stabile utgifter til barnehage og noko auke i utgiftene til grunnskule.

2.3 Befolkningsutvikling

Befolkningsutviklinga i kommunen er relevant å omtale av fleire årsaker. For det første er innbyggjartilskot ein del av inntektssystemet til kommunane. Vidare må dei kommunale tenestene tilpassast demografiske endringar i befolkninga.

Innbyggjartilskotet er i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp per innbyggjar (talet på innbyggjarar per 1. juli) til alle kommunane. Deretter skjer det ei omfordeling på bakgrunn av fleire faktorar.¹ For 2020 er innbyggjartilskotet før omfordeling 25 083 kroner per innbyggjar.

Etter at hovudtendensen i Kvam herad dei siste sju åra har vore årlege reduksjonar i folketalet, syner tal frå KOSTRA at befolkningsutviklinga frå 2019 til 2020 var positiv: frå 8441 til 8457 innbyggjarar.² Som det blir peika på i *Budsjett 2020 og Økonomiplan 2020-2023* får heradet ein stadig større prosentdel eldre personar, og såleis er det ein aukande del av befolkninga i heradet som har auka behov for kommunale omsorgstenester.

Frå år 2020 og dei neste 5 åra, er det forventa nedgang i tal personar i alle aldrar frå 0-59 år.

2.4 Kommunen sine eigarskap

Kvam herad har eigarskap i 17 selskap, to av desse er heileigde og 15 av dei er deleigde. Kommunen sine eigarskap vil bli nærare omtalt i seksjon 3.7. Eigarskapa går fram i tabellen under:

Tabell 2: Eigarskap

Selskap	Bransje	Selskapsform	Eigardel
Kvam kraftverk AS	Produksjon av elektrisitet frå vasskraft	AS	100 %
Kvam energi AS	Produksjon av elektrisitet frå vasskraft	AS	100 %
Hardanger Aks AS	Varig tilrettelagt arbeid og produksjon av emballasje	AS	45, 50 %
Hardangerrådet IKS	Offentleg administrasjon knytt til næringsverksemd og arbeidsmarknad	IKS	26 %
Hardangervegen AS	Arbeide aktivt for utvikling av planar for, og realisering av, eit mest mogleg kort og effektivt vegsamband mellom Odda og Bergen	AS	13, 69 %
Vann vest AS	Vatn- og avlaupsverksemd	AS	9,52 %

¹ Størsteparten av kommunane sine rammetilskot blir fordelt med utgangspunkt med eit likt beløp per innbyggjar. Utgiftsutjevninga skjer ved hjelp av ein kostnadsnøkkel som sørgjer for at denne delen av rammetilskotet blir omfordelt frå kommunar som er rimelegare å drive enn landsgjennomsnittet, til kommunar som er dyrare å drive enn landsgjennomsnittet. Kostnadsnøgkelen består av ei rekke kriterier, mellom anna talet på barn i skulepliktig alder, talet på eldre, reiseavstand i kommunen mv.

² SSB. Statistikkbanken. [Tabell 06913: Befolkning og endringer, etter region, statistikkvariabel og år.](#)

Visit Hardangerfjord AS	Turistverksemd og destinasjonsselskap	AS	6,89 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Drift av arkiver	IKS	3,63 %
Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS	Oppsamling og behandling av avlaupsvatn	IKS	2,20 %
E134 Haukelivegen AS	Arkitekttenester med omsyn til byggverk	AS	2,2 %
BIR AS	Innsamling av ikkje-farleg avfall og utleige av eigen eller leigd fast eigedom	AS	0,33 %
Kommunekraft AS	Handel med elektrisitet	AS	0,313 %
LL det norske teatret	Utvøande kunstnarar og underhaldningsverksemd innan scenekunst	AS	>0 %
BKK AS	Produksjon av elektrisitet frå vasskraft	AS	0,9 %
Biblioteksentralen SA	Engroshandel med bøker, aviser og blader	Samvirkeføretak	0,002%
Vikøy vasslag SA	Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	Samvirkeføretak	ukjent
Tørvikbygd vasslag SA	Uttak frå kjelde, reinsing og distribusjon av vatn	Samvirkeføretak	ukjent

Kommunale føretak og verktskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta verken av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. I kap. 4.1.3 lister vi opp vertskommunesamarbeid, stiftingar, kommunalt føretak mv.

3. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoområde i forvaltninga

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, vil vi i dette kapittelet vurdere risiko for manglande målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging og internkontroll som er identifisert innan dei verksemdsområda som er gjennomgått i Kvam herad.

Overskriftene i kapittel 3.1-3.4 følgjer den administrative organiseringa i Kvam herad.

Risikonivå er i tabellane farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Fargesymbol Skildring av risikovurdering	
	Høg risiko På område som er merka med raudt meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.
	Middels risiko På område som er merka med gult meiner Deloitte, på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglande produktivitet, målinnfriing, regeletterleving eller effektivitet.

I tabellane under vil vi under kvar sektor omtale utvalde område og tema. Dette er område og tema som blir framheva i dei data som revisjonen har analysert. Det betyr at område der det ikkje eksplisitt er identifisert risiko ikkje er omtala.

Det blir kommentert dersom det er planlagt tilsyn eller gjennomført forvaltningsrevisjonar eller tilsyn dei siste åra innanfor dei områda og temaa som er omtala.

Under kvart område identifiserer vi dei hovudtema analysen viser at det er knytt risiko til. Dette vil vere naturlege moment som takast med i ein eventuell forvaltningsrevisjon.

Det er viktig å understreke at risikovurderingane er skjønnsmessige, og at vurderingane er baserte på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er føreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvaltningsrevisjonsprosjekt i dei planane som blir lagt fram for kommunestyret.

Vi vil ta atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert av leiinga i kommunen.

3.1 Sektorovergripande funksjonar

I tillegg til sektorovergripande funksjonar som HR, har heradet ei eining for økonomi som består av rekneskap og personal, ei IT-avdeling og ei avdeling for avtale og analyse.

Tabell 3: Identifiserte risikoområde knytt til sektorovergripande funksjonar

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Rekruttering • Utfordrande å finne kvalifisert personell til nokre yrke • Ønske om å auke talet på heiltidsstillingar	Det blir peika på at heradet har utfordringar med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft til nokre yrke. Til dømes var det i 2019 vanskeleg å rekruttere fastlege. Elles har det vore vanskeleg å rekruttere psykologar, og heradet har framleis ei ledig stilling hos PPT. Det har også i ein periode vore utfordrande å få tak i barnehagepedagogar men i følgje årsmeldinga for 2019 er bemanninga no i samsvar med ny nasjonal bemanningsnorm. Det blir likevel peika på at stor mobilitet kan gjere det krevjande å sikre bemanning i barnehage. Det blir vidare peika på at det kan vere risiko knytt til bemanning i barnevernet Det blir også peika på at heradet har mykje deltid innanfor nokre tenestoområde, som pleie og omsorg, og at det blir arbeidd for å få opp fleire heiltidsstillingar. Politikarane har bede om at kommunen greier ut om dei kan ha eit heiltidsprosjekt. Deltidstilsette blei hausten 2019 spurde om dei ville arbeide meir og ev. på andre arbeidsplassar. Resultatet viste at det var mange som ønskte ei høgare arbeidsstilling, men at dei ønskte å arbeide på same stad/same gruppe. I samband med omorganiseringa av pleie og omsorg blir arbeidsgrupper no utvida, noko ein håpar vil medføre ein kultur for å kunne arbeide på tvers av bygder.	• Risiko for at det manglar kvalifisert personell til å utføre viktige tenester for innbyggjarane. • Risiko for at heradet ikkje oppfyller krav til kvalifisert personell. • Risiko for å ikkje lukkast med tiltaket heiltidskultur i pleie og omsorg og i barnehage som er sett i verk for å bidra til kvaliteten på tenestene og gjere det lettare å rekruttere tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft.	
Internkontroll • Risikovurderingar ikkje vore systematisert • Arbeid med risikovurderingar er igangsett • System og rutinar ikkje tilstrekkeleg skriftleggjort	Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon av internkontroll i Kvam herad i 2018. Kommunen arbeider fortsatt med å følgje opp denne rapporten og har kome godt i gang med bruk av kvalitetssystemet Compilo. Kommunen har arbeidd lenge med å etablere kultur for å melde avvik, men i undersøkinga blir det kommentert at løysinga med Compilo er tungvindt med omsyn til å melde avvik og at tilsette kan vere usikre på korleis systemet skal nyttast. Enkelte tilsette har også ikkje tilgang til PC noko som kan medføre at avvik ikkje blir meldt. I kommunen si rapportering i høve til rapporten sine	• Risiko for at vesentlege risikoar i heradet ikkje er kjende for leiarane. • Risiko for ulik og ikkje tilstrekkeleg praksis som følgje av at system og rutinar ikkje er dokumenterte • Risiko for at internkontrollen ikkje er tilstrekkeleg moden • Risiko for mangelfull dokumentering	

	anbefalingar går det fram at Kvam skal etablere system for å kontrollere at rutinar og retningslinjer blir etterlevd og lage system for stikkprøvekontrollar. Det er fleire som peikar på at heradet har eit forbettringspotensial knytt til system og rutinar, både når det gjeld skriftleggjering og oppfølging av desse. Samstundes blir det vist til at administrasjonen er inne i eit pågåande arbeid med å implementere eit heilskapleg internkontrollsystem i heradet der auka grad av skriftlege system og rutinar er ein viktig del. Innan oppvekstområdet blir det meldt om mangelfull administrativ kapasitet som bidreg til risiko for for sein dokumentering (til dømes av vedtak) og dokumentering generelt. Det har ikkje blitt gjennomført overordna risikovurderingar i dei ulike einingane. Formelt sett er det berre på beredskap/samfunnstryggleik at det er gjort ein overordna ROS-analyse. Tenestekområda gjer risikovurderingar kvar for seg, og desse har i varierende grad blitt skriftleggjorte og systematiserte. Samstundes blir det peika på at kommunen har implementert ROS-modulen i det overordna kvalitetssystemet Compilo og at alle tenestekområde er i gang med å gjennomføre ei risikovurdering med vald, trugslar og trakassering mot tilsette som tema.	Risiko for at vedtak ikkje blir skriftleggjort i tide og i samsvar med lov
Vedtaksoppfølging - Har ikkje vore tilstrekkeleg systematisert - Heradet har kjøpt inn verktøyet Framsikt	Det er fleire som etterlyser eit betre system for å halde oversikt over vedtak. Det kan opplevast som utfordrande for politikarane å leite opp informasjon om kva som er prosess og status for vedtak som er fatta. I tillegg er det arbeidskrevjande for administrasjonen å svare ut spørsmål knytt til vedtaka fordi politikarane ikkje finn denne informasjonen sjølv. Heradet har fram til no hatt ein oversikt over vedtaksoppfølginga i Excel, med tilbakemelding på kvart enkelt vedtak. Kommunen har kjøpt verksemdstyringsverktøyet Framsikt for å halde oversikt over vedtak i framtida. Alle vedtak skal inn i dette systemet. Ein er ikkje kome i gang med dette, og det manglar opplæring av administrasjonen i korleis ein skal bruke systemet og oppdatere statusen på vedtaka.	- Risiko for unødig tidsbruk i administrasjonen. - Risiko for at vedtak ikkje blir iverksett og tilfredsstillande følgt opp.



Digital kompetanse og digitalisering • Varierende digital tilgang og kompetanse	Det blir peika på at heradet har eit forbettringspotensial knytt til digitalisering, og at fleire arbeidsprosessar kunne vore utførte digitalt. Det blir poengtert at dette ikkje berre handlar om å «setje straum på papir», men at det også handlar om korleis ein skal få til nye arbeidsmåtar som forenklar kvardagen til både dei tilsette og innbyggjarane. Kvam deltek i digitaliseringssamarbeidet i Hordaland, der det er etablert eit nettverk innan HR-relaterte tema som løftar fram dette perspektivet i innovasjons-og digitaliseringsarbeidet. Det blir i spørjeundersøkinga trekt fram at ikkje alle tilsette har eigen PC, noko som skapar terskel for å melde avvik i Compilo til dømes, då det krev ei eiga innlogging å gjere det heimefrå. I tillegg går det fram av undersøkinga at enkelte innan helse og omsorg saknar enklare elektroniske system for å sikre at nødvendig dokumentering faktisk blir gjennomført. Samstundes blir det peika på at Kvam herad er med i ulike digitaliseringssamarbeid, og har ein digitaliseringsstrategi. Innanfor grunnskulen har vore arbeidd med digitalisering i ei eiga arbeidsgruppe, og bruk av IKT i grunnskulen var eit av temaa i forvaltningsrevisjonsrapporten «Trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane i Kvam herad» frå 2019. Det blir kommentert at ein kanskje burde følgd opp funna frå denne forvaltningsrevisjonen om nokre år.	• Risiko for at arbeidsprosessar blir forseinka eller ikkje utført. • Risiko for at viktig informasjon blir mista eller sensitive data kjem på avvege
Informasjonstryggleik • Nye lovkrav knytt til informasjonstryggleik	Det nye personvernregelverket som tredde i kraft i 2018 stiller strengare krav til informasjonstryggleiken i kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle, noko som medfører auka regulatorisk risiko. I undersøkinga blir det peika på at kommunen har laga informasjonstryggleiksstrategi, men at ein er usikker på etterleving av målsettingane i denne, om den er kjent og tatt i bruk.	• Risiko for brot på regelverk • Risiko for mangelfull kjennskap til og oppfølging av strategi
Leverandør- og kontraktsoppfølging • Oversikt over kontrakter • Kontrakts-oppfølging	Det blir stilt spørsmålsteikn ved i kva grad heradet har/vil ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å inngå og følgje opp kontraktar. Det er fleire som erfarer at det er krevjande for heradet å følgje opp dei krava som ein set til leverandørar i	• Risiko for regelbrot. • Risiko for kontraktsbrot • Risiko for forseinkingar og/eller budsjettsprek i prosjekt • Risiko for brot på arbeidsmiljølova og på krav til tariff

anbudsprosessar. Det er vanskeleg å vite korleis ein skal følgje opp nye og ukjende leverandørar, særleg vanskeleg er det dersom leverandør er utanlandsk.

Det blir opplyst at ein ikkje har tilstrekkeleg med ressursar til å gjere ei grundig oppfølging, og at det difor er nyttig å vere med på Bergensssamarbeidet som har ressursar til å følgje opp.

Økonomi og budsjettering

- Realistisk budsjettering
- Budsjettmodell

I undersøkinga blir det peika på at kommunen har arbeidd med ny budsjettmodell og etablert innsparingskrav som alle einingar med unnatak av helse og omsorg ser ut til å kunne nå.

Det blir vist til at det kunne har vore interessant å ha forvaltningsrevisjon av denne budsjettmodellen etter nokre år. Det blir vist til at det innan helse og omsorg er gjort organisatoriske endringar (sjå også nedanfor) som skal gi betre oversyn og styring av økonomien.

Det er fleire som peikar på den generelle risikoen Kvam herad som kraftkommune står overfor. Heradet budsjetterer med ei viss inntekt frå krafta, men ettersom kraftprisane varierer mykje, er det alltid ein risiko for at inntektene ikkje blir like store som det heradet har budsjettert for. I økonomiplanen blir det opplyst at det er tatt høgde for reduserte kraft- og skatteinntekter i fireårsperioden og at dette inneber at heradet må finne fleire innsparingstiltak.

- Risiko for driftsunderskot.



Investeringar • Kompetanse og kapasitet • Prosjektstyring • Anbudsprosessar • Kontrahering • Kontraktsoppfølging • Kommunikasjon mellom bestillande eining i heradet og prosjekt	I undersøkinga blir det peika på at kommunen har mange investeringsprosjekt og at dei nesten alltid blir dyrare enn estimert. Det blir opplyst at kommunen vil arbeide for å få opp kompetansen på prosjektstyring. Det blir peika på at heradet har ei lang restanseliste over prosjekt. Det skapar frustrasjon for både innbyggjarar og politikarar at prosjekt står på vent, medan det for administrasjonen er krevjande at politikarane vedtar stadig nye prosjekt og set korte fristar som ikkje er realistiske å nå. Det blir også peika på at overgangen og kommunikasjonen frå dei som bestiller eit prosjekt og dei som gjennomfører prosjektet, ikkje fungerer optimalt. Det er ikkje tilstrekkeleg tydeleg kven som har ansvar for dei ulike stega i prosessen. Det blir vidare peika på at det også er risiko knytt til middels store investeringar som gjerne ikkje blir følgt like tett opp.	• Risiko for budsjettoverskriding • Risiko for forseinkingar i gjennomføring av prosjekt • Risiko for utilstrekkeleg kvalitet • Risiko for fristbrot • Risiko for dårleg prosjektstyring • Risiko for brot på regelverk (innkjøp) • Risiko for manglande kontaktsoppfølging
Innkjøp • Innkjøpskompetanse • Rammeavtalar	Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området. I undersøkinga blir det ikkje peika på særskilt risiko knytt til innkjøp. Heradet har ein ein controllar og ein jurist arbeider med innkjøp. Ofte sterkt ønske blant tilsette om å nytte lokale leverandørar sjølv om kommunen ikkje har avtale med desse. Også døme på at einingar opplever at dei får svært gode tilbod som dei ønskjer å nytte, men oppfatninga er at desse tilfella blir fanga opp.	• Risiko for brot på regelverket • Risiko for kostnadsineffektive innkjøp • Risiko for økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp
Berekraft, klima og miljø • Oppfølging av FN sine berekraftsmål i kommunen • Ivaretaking av klima- og miljøomsyn i utvalde delar av kommunen eller i kommunen som heilskap • Klimarekneskap for kommunen • Naturmangfald	Det blir peika på at kommunen kan arbeide meir med klima- og miljøsaka. Det blir peika på at miljøomsyn og naturmangfaldslova blir for lite vektlagt. Tal frå kommunebarometeret viser at Kvam har eit betydeleg høgare utslepp av klimagassar per innbyggjar enn kommunegruppa. 22 507 tonn CO2 mot 7368 tonn i kommunegruppa. 26 % av hushaldningsavfallet er levert til gjenvinning og biogassproduksjon. Dette er betre enn kommunegruppa, men lågare enn kommune-Noreg som har eit snitt på 42 %.	• Risiko for mangelfull oppfølging og etterleving av FNs berekraftsmål • Risiko for mangelfull oversikt over heradet sitt klimaavtrykk

Kvam herad tok i 2019 inn fleire av FN sine berekraftsmål i budsjettet, mellom anna «stoppa klimaendringane» (mål 13). I budsjettet blir det peika på at dei mest krevjande utfordringane heradet står ovanfor å løysa med tidleg innsats og førebyggjande arbeid i den komande økonomiplanperioden, nok er FN sine berekraftsmål. Her må dei finna og gjennomføra tiltak for å stoppa klimaendringane. Det blir peika på at kommunen har lagt ned arbeid i for å handtere og førebygge skadar knytt til ekstremvær. Heradet har også anna sett i gang eit arbeid med å revidere kommunedelplan for energi og klima. I undersøkinga blir det også nemnd at BIR i 2019 sette i gang arbeidet med nytt gjenvinningsanlegg i Kvam som skal stimulere til auka kjeldesortering og gjenvinning.

Heradet har ikkje klimarekneskap.

3.2 Oppvekst

Oppveksteininga består av barnevern, PPT, helsestasjon, familiesenter, barnehagar og skular.

Tabell 4: Identifiserte risikoområde knytt til oppvekstområdet

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar Ikkje tilstrekkeleg tilgang på kvalifisert personell	Heradet erfarer at det er utfordrande å få tak i kvalifiserte vikarar. Stort sett får ein alltid tak i vikarar, men dei er ikkje kvalifiserte. Når det gjeld sjukefråvær i heradet, utpeikar barnehagane seg med for høgt sjukefråvær. Dette er noko heradet har undersøkt sjølve og funne ut at sjukefråværet i barnehagane i liten grad er arbeidsrelatert. Nasjonale bemanningsnormar blir følgt, men KOSTRA-tal viser at del barnehagelærarar i høve til grunnbemanning er noko lågare i Kvam enn i kostragruppa og landet elles.	- Risiko for at born i barnehagar ikkje får tilstrekkeleg oppfølging. - Risiko for uforsvarleg drift. - Risiko for regelbrot.	
Vaksenopplæring - Grunnleggjande opplæring i norsk/samfunnskunnskap etter introduksjonslov - Grunnskuleopplæring	Vaksenopplæringa blir trekt fram som eit område som det frå administrasjonen si side kunne vore nyttig med ein forvaltningsrevisjon på, fordi det er eit område som ikkje har vore gjenstand for tidlegare forvaltningsrevisjonar eller tilsyn.	Risiko for ikkje tilpassa tilbod	

Spesialpedagogisk avdeling	Frå årsmeldinga går det fram at vaksenopplæringa i Kvam i hovudsak gjeld grunnleggjande opplæring i norsk/samfunnskunnskap etter introduksjonslova (44 elevar), men også grunnskuleopplæring til vaksne som ikkje har vitnemål i einskilde fag (12 elevar) og spesialpedagogisk avdeling for vaksne (24 elevar) Ei kartlegging av NOVA viser at manglande faglege og språklege føresetnader er den vanlegaste årsaka til at deltakarar med innvandrarbakgrunn ikkje fullfører grunnskuleopplæring i regi av vaksenopplæringa.	- Risiko for uforsvarlege tenester og regelbrot ved mangelfull bemanning. - Risiko for mangelfull beredskap
Barnevern Bemanning	Det blir peika på at dette er eit tenesteområde som det er utfordrande å rekruttere til, og at sjansen er stor for å ikkje etterleve lover og regelverk dersom ein ikkje har tilstrekkeleg bemanning. Samstundes blir det peika på at barnevernet per i dag ikkje har fristbrot. Dette går også fram av KOSTRA. Kvam har 4,2 årsverk stillingar med fagutdanning per 1 000 mindreårige (kommunegruppa har 4,9). I budsjettet for 2020 blir det vist til at i ein situasjon med aukande tal meldingar og tal barn som får hjelp frå barnevernet, er det viktig å følgja med på bemanningssituasjonen i tenesta. I undersøkinga blir det peika på at kommunen har utfodringar når det gjeld beredskap i barnevern. 6,3 % av barna i Kvam er tilknytt barnevernet, mot 5,3 % i kommunegruppa (korrigert for behovet). Blant barn som er under omsorg er det færre barn i Kvam som har omsorgsplan enn i kommunegruppa (83 % mot 93 %).	- Risiko for regelbrot. - Risiko for manglande oppfølging av elevar med særskilde behov. - Risiko for utilstrekkeleg tilrettelegging av undervisninga.
Tilpassa opplæring og spesialundervisning	Det blir vist til at heradet har gjort eit omfattande arbeid knytt til særskilt sårbare born og unge. Samhandlinga og samordninga om tenestene til barn og unge i Kvam herad er mellom anna trekt fram i St.meld. 6 (2019-2020) «Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skole og SFO». Heradet har arbeidd mykje med satsinga «Barn er ikkje vanskelege, barn har det vanskeleg», og er med i ei nasjonal gruppe på fem kommunar og ein fylkeskommune som skal ta ei leiarrolle i arbeider med å førebyggje og handtere vald og utagerande oppførsel i skulen.	- Risiko for regelbrot. - Risiko for manglande oppfølging av elevar med særskilde behov. - Risiko for utilstrekkeleg tilrettelegging av undervisninga.

	Fleire peikar likevel på at dette er eit område som framleis bør rettast merksemd mot, også i åra framover. I følge budsjettet for 2020 har del elevar med spesialundervisning i Kvam halde seg stabilt under 9 % sidan 2015. KOSTRA tala viser at del elevar med spesialundervisning auka til 10,3% i 2019 og at auken var størst for dei eldste barna. For kommunegruppa var delen 8,4% medan den for landet utan Oslo var på 7,8%. Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjon med tilpassa opplæring og spesialundervisning som tema i 2014.	
Opplæring til minoritetsspråklege elevar - Morsmålsopplæring - Tospråkleg opplæring	I undersøkinga blir det peika på at det varierer i kva grad heradet kan tilby morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring til dei som har behov for det. KOSTRA- tal viser at det i 2019 var 16 av 1053 elevar i grunnskulen i Kvam som fekk morsmålsopplæring. KOSTRA tala viser at Kvam har ein relativt høg del elevar som får særskilt norskopplæring (7,8% mot 3,9 i kostragruppa). I budsjettet blir det samtidig kommentert at kvar elev får vesentleg færre årstimar i særskilt norsk enn elevar i kostragruppa I følgje årsmeldinga for 2019 får nyankomne flyktningebarn morsmålsassistent ved oppstart i barnehage for å sikra ein god start.	Risiko for at minoritetsspråklege elevar ikkje får den opplæringa som dei har krav på.



3.3 Pleie og omsorg

Eining for helse og omsorg består av tenestemåla helse (under dette legetenesta, Kvam legevakt, ergo- og fysioterapi, rus og psykisk helse), pleie og omsorg (under dette heimebasert omsorg, institusjonsomsorg, bufelleskap og dagsenter), Kvam behandling- og rehabiliteringsavdeling (under dette hjelpemiddellager), NAV Kvam, og alkohol og servering.

Tabell 5: Identifiserte risikoområde knytt til helse og sosial

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Flyktningtenester - Integrering - Fysisk og psykisk helse på gruppenivå (folkehelse)	Det blir peika på at busette flyktningar i heradet kanskje ikkje har eit tilstrekkeleg tilpassa tilbod når det gjeld å sikre den samla helsa til flyktningane. Det blir peika på at det kunne ha vore nyttig å sjå på korleis midlane til flyktningar blir nytta og korleis det blir arbeidd med busetting og integrering.	- Risiko for ikkje tilstrekkeleg integrering. - Ikkje tilstrekkeleg folkehelse hos flyktningane som gruppe	

	Nokre erfarer at ein ikkje i tilstrekkeleg grad lukkast med integreringa i heradet. Det blir peika på at Frivilligsentralen og Grannahjelpa gjer eit godt arbeid, men at dei opplever at dei ikkje har tilstrekkeleg med ressursar. Kvam har hatt ein nedgang i talet flyktningar og hadde i 2018 og 2019 10 flyktningar. I 2020 er kommunen oppmoda til å ta imot 14 flyktningar og av budsjettet for 2020 har kommunen kapasitet til å ta imot fleire	
Pleie og omsorg • Omstilling og omorganisering	Det er iverksett eit større administrativt omstillingsprosjekt med tittelen «Eit godt liv der me bur – tenester for framtida, meistring og deltaking». Eit av måla med omstillinga er å satse meir på tiltak som gjer at fleire kan klare seg sjølve og bli buande i eigen heim lenger. Ppleie- og omsorgstenesta blir organisert i tre fagavdelingar: 1) Ambulante heimetenester inkl. dag- og korttidstilbod, 2) Heildøgnsenester, og 3) Tenester til menneske med utviklingshemming. Dette inneber mellom anna større arbeidsgrupper og færre arbeidsleiarar. I undersøkinga blir det også peika på at det er forventa at endringa vil føre til betre struktur, arbeidsplanlegging og økonomistyring. Det er fleire som peikar på at det ville vore interessant å sjå nærare på organiseringa i ein forvaltningsrevisjon om nokre år når denne har fått sett seg. KOSTRA- tal viser at Kvam kommune har eit høgare tal brukarar av både heimetenester og institusjonstenester enn gjennomsnittet for kommunegruppa og landet. Elles viser kommunebarometeret at Kvam har 3,1 plassar avsett til rehabilitering i institusjon per 1 000 innbyggjarar over 67 år (kommunegruppa har 5). Kvam har tilsett 2,8 årsverk av ergoterapeut og 2,1 årsverk av geriatrik skjukepleiar per 1000 innbyggjarar over 80 år (kommunegruppa har 4,1 og 10,7). Kvam hadde 4,4 årsverk av geriatrik skjukepleiar i 2016, 3,7 i 2017 og 2,1 i 2018, så trenden har vore negativ.	• Risiko for manglande måloppnåing. • Risiko for knytt til etablering av ny organisering for produksjon, effektivitet og arbeidsmiljø.



Vedtakspraksis ved forvaltarkontor - Forvaltarkontor - Rus og psykisk helse	Forvaltarkontoret blei oppretta i 2013. Målet var å få lik vedtakspraksis. Det blir stilt spørsmål ved om det er tilstrekkeleg samhandling mellom forvaltarkontoret og tenestene. Det blir også peika på at det særleg innanfor rus og psykisk helse er krevjande å fatte vedtak.	- Risiko for mangelfull samhandling i samband med fatting av vedtak.. - Risiko for mangelfull vedtak for innbyggjarar som er rusavhengige og/eller har psykisk sjukdom.	
Rusomsorg og psykisk helse - Oppfølging av psykisk sjuke og rusavhengige - Butilbod - Samordning av tiltak	Fleire peikar på at kommunen har eit forbettringspotensial knytt til oppfølginga av psykisk sjuke og rusavhengige. Det blir også peika på at eit bufellesskap for personar med utfordringar knytt til psykisk helse og rus blei lagt ned i 2019. Alle brukarane er ivaretekne med ny bustad, men utan tilgang til fellesareal slik dei hadde i bufellesskapet. Tilbodet til brukarane i Kvam er også redusert fordi Voss DPS Bjørkeli har redusert sitt utekontortilbod. Nokre uttrykkjer bekymring knytt til bruk av rusmiddel blant unge. I Kvam herad si årsmelding frå 2019 er det eit mål å auka debutalderen for alkohol og andre rusmiddel. Det går fram at heradet ikkje har prioritert midlar til SLT-modellen (Samordning av lokale rus og kriminalitetsførebyggjande tiltak) i 2019. Det blir opplyst at revidert rusfagleg plan skal leggjast fram for politisk handsaming våren 2020. Fylkesmannen gjennomførte i 2018 tilsyn med helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusmiddel-problem og psykisk lidning. Det kom ikkje fram opplysningar som gav grunnlag for å konkludere med at krav i sosial- og helse- og omsorgslovgjevinga var brotne. I følgje KOSTRA- tal har Kvam kommune om lag same tal psykiatriske sjukepleiarar per 10000 innbyggjarar, men ein del lågare tal personar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid og vidareutdanning i rusarbeid enn gjennomsnittet for kommunegruppa og resten av landet.	- Risiko for ikkje tilstrekkeleg tilbod - Risiko for ikkje tilstrekkeleg kompetanse - Risiko for mangelfull samordning av førebyggjande tiltak	
Sosiale tenester i NAV - Barnefattigdom - Stønadperiode	Det blir peika på at aukande barnefattigdom er ei utfordring nasjonalt, og at det kanskje er meir barnefattigdom også i Kvam herad enn kva ein trur. Tal frå Bufdir sin monitor over barnefattigdom syner at 9,3 %	- Risiko for unødige lange stønadssperiodar - Risiko for at tiltak ikkje er tilstrekkeleg tilpassa brukarane	

av barna i heradet lever i hushaldningar med vedverande låginntekt (2017). Til samanlikning var verdien i fylket 8,9 % og nasjonalt 10,7 %.

12,7 % av dei som mottek sosialhjelp har sosialhjelp som hovudinntektskjelde i Kvam (11,5 % i kommunegruppa). 48 % går over 6 månadar på stønad, som er høgare enn kommunegruppa (30,6 %). 29 % går på stønad i over 10 månader i Kvam. 5,9 % av mottakarane har ein individuell plan, mot 20,8 % i kommunegruppa.

Gjennomsnittleg stønadslengde for mottakarar mellom 18 og 24 år er 5,3 månader. For gruppa mellom 25-66 år er det 6,3 (3,9 og 4,6 månadar i kommunegruppa).

Kvam har ein høgare del mottakarar av kvalifiseringsstønad enn gjennomsnittet for kommunegruppa og resten av landet.

3.4 Informasjon og teknisk

Under eining for informasjon og teknisk ligg FDV (forvaltning, drift og vedlikehald) kommunale bygg, FDV kommunalteknikk, Kvam brann og redningsteneste og arkivleiar. I tillegg er informasjonsrådgjevar, prosjektleiar kvalitetssystem og personvernombod tilknytt denne eininga.

Tabell 6: Identifiserte risikoområde knytt til tekniske tenester

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Vatn og avløp Lang restanseliste	Det blir opplyst å vere lang restanse på vatn- og avløpsprosjekt. Samstundes blir det opplyst at heradet alltid har hatt ein stor portefølje grunna dei mange krava som blir stilt frå fylkesmannen og Mattilsynet. Heradet klarar ikkje alltid å følgje opp dei gjeldande krava. 87 % av innbyggjarane i Kvam er tilknytt vassverk med god kvalitet (mot 95 % i kommunegruppa). 35 % av vatnet går tapt som følgje av lekkasjar, som er noko høgare enn kommunegruppa (28 %). Vassleidningane i Kvam er i snitt 34 år gamle (31 i kommunegruppa).	Risiko for ikkje tilstrekkeleg kvalitet	

Vedlikehald av kommunale bygg	Heradet utviklar ein eigedomsstrategi som mellom anna vil ta for seg korleis det langsiktige vedlikehaldsarbeidet skal ivaretakast. Det blir opplyst at denne er forseinka i høve til planlagt ferdigstilling. Teknisk eining nyttar IK-bygg, som er eit verktøy for internkontroll i norske bygg, for å kartlegge tilstanden til bygga.	- Risiko for forringing av verdien på dei kommunale bygga. - Risiko for vesentlege vedlikehaldsetterslep.	
Kommunale vegar	Det blir peika på at kommunen burde jobba tettare med fylkeskommunen for å sikre dei mjuke trafikantane. Det kom 10.000 fleire turistar til kommunen i fjor, og dei kom stort sett i bil. Det er ikkje alle ungane i Kvam som har ein trygg skuleveg.	Risiko for farlege situasjonar i trafikken.	
Offentlegheit og innsyn Innsynspraksisen	Det er fleire som trekkjer fram at heradet har ei aktiv lokalavis som meiner at heradet må bli betre når det gjeld å sikre innsyn i samsvar med regelverket. Frå administrasjonen blir det peika på at den aktive lokalavisa bidreg til at heradet har mykje merksemd retta mot å ha ein korrekt innsynspraksis. Likevel blir det peika på at det truleg er mogleg å forbetre praksisen ytterlegare. Heradet skal digitalisere arkivet sitt.	Risiko for regelbrot.	

3.5 Plan og byggesak

Under eining for plan og byggesak, ligg plan, byggesak, oppmåling og geodata og kommunegeolog.

Tabell 7: Identifiserte risikoområde knytt til plan og byggesak

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Byggesak - Oversikt over saker - Sakshandsamingstid	Det blir peika på at plan- og byggesakseininga ikkje har eit tilstrekkeleg godt system for å halde oversikt over fristar i pågåande byggesaker. Det blir opplyst at heradet avventar innkjøp av eByggesak til det er gjennomprøvd i dei store kommunane. Det er varsla kostnader med innkjøp av eByggesak i 2021. 16,1 % av alle byggesaker har overskride frist mot 11,5 % i kommunegruppa.	- Risiko for manglande etterleving av lovpålagte fristar - Risiko for ikkje tilfredstillande system til å halde oversikt over saker - Risiko for at kommunen ikkje gjev god nok informasjon og yter tilstrekkeleg service til innbyggjarar i oppstartsmøte - Risiko for mangelfull samhandling i kommunen om byggesaker	

	Av KOSTRA går det også fram at gjennomsnittleg sakshandsamingstid for saker med frist på 12 veker var 9,5 veker i 2019. Kommunen innvilga vidare to bygg i strandsonen i 2019. Det blir opplyst at plan- og byggesakseininga ikkje har eit tilstrekkeleg godt system for å sikre at alle involverte avdelingar i heradet blir involverte og høyrde i byggjeprojekt. Dette igjen fører til risiko for at byggeprosjekt blir iverksett utan at alle forhold er tilstrekkeleg klarert. Det blir opplyst at ein i plan- og byggesakseininga er opptekne av å overhalde fristar for oppstartsmøte. Dette inneber at ein ikkje alltid er tilstrekkeleg førebudd til oppstartsmøta, mellom anna at ikkje alle avdelingar som skulle ha vore involvert er blitt involvert i forkant av møtet.	
Arealplanar Handsaming av områdereguleringar i høve til ny arealplan	Kommunen vedtok ny arealdel av kommuneplanen hausten 2019 Dette gjer at det er nye og nyleg vedtekne føringar for områdereguleringar og at kommunen kanskje først vil sjå eventuelle utfordringar med den nye arealdelen når dei skal begynne å handsame områdereguleringar i høve til dette. Det blei gjennomført forvaltningsrevisjon av arbeidet med reguleringsplanar for en del år tilbake (2011)	- Risiko for stor pågang av områdereguleringar til handsaming som følgje av at kommuneplanen sin arealdel er klar - Risiko for lenger sakshandsamingstid



3.6 Samfunn, næring og kultur

Under eining for samfunn, næring og kultur, ligg bibliotek, næring, landbruk, kultur og kino, kulturskule og folkehelse.

Tabell 8: Identifiserte risikoområde knytt til samfunn, næring og kultur

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Landbruk og næring - Forvaltning - Vekst	Nedbygginga av landbruksforvaltninga i heradet blir kritisert. Fleire peikar på at heradet kunne vore meir framoverlent i næringsplanane, og gjere meir for å skape arbeidsplassar	Risiko for manglande måloppnåing.	



	lokalt. Det blir opplyst at heradet er i ferd med å starte opp arbeidet med ein planstrategi for næring.	
Kulturskule • Mangfald • Tilgang for alle barn	Det blir peika på at heradet kunne hatt eit breiare kulturskuletilbod. Det blir stilt spørsmålsteikn ved om tilbodet er tilstrekkeleg mangfaldig til treffe barn med ulik bakgrunn og interesser. Kvam har 5,2 kulturarbeidarar per 1000 innbyggjarar, som er noko lågare enn kommunegruppa (5,6). Kvam har 131 timar med ope fritidssenter i året, mot 646 timar i kommunegruppa.	

3.7 Kommunale føretak mv

Kommunale føretak og verktskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Kvam kommune er eig eit kommunalt føretak, Kvammabadet KF og deltek i to interkommunale samarbeid: legevakt og kommunegeolog.

Tabell 9 Identifiserte risikoområde knytt til føretak mv.

Område og tema	Observasjonar	Vurderingar/moglege konsekvensar	Risiko
Kvammabadet KF • Drift	Kvammabadet KF skal stå for drift av anlegg til skulebading. Seksjonen til Kvam Kvammabadet KF utgjer saman med tilstøytande seksjonar opplevningssenteret Hardangerbadet. Når bassenganlegget ikkje vert nytta til kommunale føremål, kan det nyttast av Hardangerbadet. Kvammabadet KF er eit kommunalt føretak eigd av Kvam herad. I undersøkinga har fleire peika på at det kunne vore nyttig å sjå nærare på Kvammabadet når det har vore i drift ei stund	• Risiko knytt til drift.	

4. Forvaltningsrevisjon – oversikt over identifiserte risikoar i kommunen sine selskap

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon, presenterer vi i denne seksjonen risikoar knytt til selskapa der kommunen har eigarskap. Vurderinga er gjort med særleg fokus på følgjande forhold:

Opplysningar som kjem fram i datainnsamlinga om:

- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,
- risiko for at selskapet ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

I tillegg til ei konkret risikovurdering vil det også vere viktig å vurdere selskapa ut i frå kor vesentlege dei er for kommunen (vesentleganalyse). To overordna perspektiv kan leggjast til grunn for ei slik vurdering:

- fokus på brukarperspektivet/samfunnsnyttan
- fokus på økonomiske interesser for kommunen

På bakgrunn av desse forholda har revisjonen utleia følgjande kriterium for vesentleganalysen, som kan vere til hjelp når kontrollutvalet skal prioritere kva selskap som skal vere gjenstand for forvaltningsrevisjon:

1. selskap der det er avdekkja moglege risikoforhold
2. selskap med berre offentleg eigarskap
3. selskap som har eit samfunnsmessig ansvar
4. selskap som har direkte tenestetilbod til kommunen sine innbyggjarar
5. selskap som leverer verksemdskritiske tenester til kommunen
6. selskap som er heileigd av kommunen
7. selskap der kommunen har omfattande eigarinteresser i tal aksjar (fleirtal) eller stor økonomisk del av aksjekapitalen
8. økonomisk gevinst/tapspotensiale for kommunen
9. etikk og omdøme

Kvam herad har to heileigde selskap, åtte selskap som er deleigd med andre kommunar og/eller fylkeskommunar og sju som er deleigd med private og/eller statlege aktørar. I tillegg har kommunen interesser i to vertskommunesamarbeid, fire stiftingar og to andre typar samarbeid.

Selskapa/samarbeida vil bli presentert i tabellar under. Informasjonen i tabellane er i hovudsak basert på opplysningar henta frå Bisnode Smartcheck, Proff, kvart enkelt selskap sine nettsider, oversendt dokumentasjon frå kommunen (Eigarskapsmelding 2017-2018) og informasjon som er kome fram i undersøkinga.

Jf. Kommuneleva 2018 § 26-1 skal kommunar utarbeide eigarskapsmelding som kommunestyret skal vedta av minst ein gong i valperioden. Kommunen har oversendt eigarskapsmelding frå 2017 og eigarskapsstrategiar for kvart enkelt selskap. Eigarmeldinga er eit verktøy for å etablere overordna prinsipp for korleis kommunen skal forvalte sine eigarskap, og skal innehalde mellom anna overordna prinsipp for styring av selskapa og føremålet med selskapa. I følgje heradet sin årsmelding for 2019 er revisjon av eigarmelding og eigarstrategiar planlagt våren 2020.

Selskapa blir presentert i to tabellar. Den første inneheld selskap som kommer inn under kommuneleva §§ 23-6 og 24-10. Dette er aksjeselskap og interkommunale selskap som er heileigd av kommunen eller eigd saman med andre kommunar og/eller fylkeskommunar. Desse selskapa har Kvam herad full innsynsrett i og kan gjennomføre forvaltningsrevisjon og eigarskapskontrollar av.

Den andre tabellen inneheld oversikt over selskap der kommunen har eigarskap, men som ikkje kjem inn under innsynsretten etter kommuneleva §§ 23-6 og 24-10. Dette er ofte aksjeselskap med innslag av private eller statlege eigardeler eller samvirkeføretak. Kommunen kan likevel gjennomføre avgrensa

forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar, t.d. med omsyn til i kva grad selskapet opptrer i tråd med eigarane sin intensjon, om val og opplæring av styrerepresentantar skjer etter kommunen sine reglar og rutinar, om rapporteringa frå selskapet samsvarar med retningslinjer mv. Kontrollutvalet kan også be styret i eit selskap om å få fullt innsyn dersom det er ønskjeleg å gjere fullverdig forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll.

4.1.1 Selskap som er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og § 24-10

Kvam kraftverk AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 100 %	Selskapet sitt føremål er å arbeide med energiforsyning og energiøkonomisering. Selskapet står for viktige inntekter til Kvam kommune.		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at Kvam Kraftverk har hatt en stigande eigenkapital og inntekter dei siste 3 åra, samstundes var ikkje likviditeten tilfredsstillande i 2016 eller 2018.		
• Omdøme • Vesentlege verdiar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane • Samfunnsansvar	I intervju blir det peika på at selskapet er veldrive og godt. Det blir samtidig opplyst at selskapet har tapt store beløp på fiberutbygging og at det er uklart kvifor selskapet satsa på dette. Det blir vidare opplyst at inntektene til kommunen ikkje går inn i fond, men er løpande midlar til kommunen. I intervju blir det vidare peika på at kommunen sin kompetanse knytt til styringa av selskapet har blitt betre dei seinare åra. Kvam kraftverk AS har dotterselskapet, Sekkelva Kraftverk AS (100 %) og Kvam energi Nett AS som faller inn under §§ 23-6 og § 24-1. I tillegg har Kvam kraftverk eigarinteresser i Porkeggel Kraft AS som ikkje fell innanfor §§ 23-6 og § 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	125 330	121 248	114 873
Inntekter	148 992	133 014	124 993
Resultat før skatt	16 603	19 903	17 603
Likviditet	0,97	1,32	0,99
Soliditet	41,1 %	42,76 %	43, 50 %

Kvam Energi AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 100 %	Føremålet til Kvam Energi AS er å eige selskap som driver innan energiforsyning og energiøkonomisering, medrekna mellom anna: a) produksjon av energi b) kjøp og sal av energi c) eige og drive overføringsanlegg og syte for ei rasjonell og sikker energiforsyning d) stimulere til gjennomføring av ENØK-tiltak e) anna verksemd som naturleg har tilknytning til ovannemnde føremål og som kan gje inntekter f) utføre det lokale e-tilsynet g) delta i eller samarbeide med andre verksemdar som har same eller liknande føremål.
Nøkkelpunkt	
- Omdømme - Etikk - Registrert i 2019 - Samfunnsansvar	Selskapet blei registrert i 2019 og det er ikkje tilgjengeleg økonomital. I undersøkinga blir det peika på at det heller ikkje er etablert strategi for eigarstyring for dette selskapet p.t. Av Proff går det fram at aksjekapitalen er på 10 000 000 NOK.
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Hardangerrådet IKS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 26 %	Hovudoppgåva er å styrke regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.		
Nøkkelpunkt	Kvam kommune er største eigar med 26 % av eigarskapet. 5 andre kommunar har eigardel i selskapet.		
- Omdøme - Samfunnsansvar	Nøkkeltala viser at Hardangerrådet IKS har hatt stabile nøkkeltal dei siste åra, men hadde negativt resultat i 2018. Det blir i intervju kommentert at vedtektene til Hardangerrådet vil bli endra som følgje av kommunesamanslåingar. Ein av kommunane har stilt krav om at utgiftene må ned, og det er i dag ein usikker situasjon for dei to som er tilsette i Hardangerrådet.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	2915	2 772	2 730
Inntekter	3 486	3 844	4 428
Resultat før skatt	-167	42	27
Likviditet	2,72	2,71	3,28
Soliditet	29,12 %	27,71 %	24,46 %

Vann Vest AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 5,55 %	Vann vest AS skal være ein samarbeidsorganisasjon for eigarane. Verksemda skal fremja samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføre og tilretteleggje for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksemda. Verksemda skal utføre og formidle tenester, knytt til vatn- og avlaupsverksmd, som til dømes bistand til drift, kvalitetssikring, vatnmiljø og beredskap. Verksemda kan inngå samarbeidsavtalar med eller delta i andre føretak i den grad dette er føremålstenleg.
Nøkkelpunkt	
- Omdømme - Registrert i 2019 - Skal overta verksemda til Driftsassistansen i Hordaland IKS	Vann vest er eigd av 18 kommunar og alle har 5,55 % av aksjane kvar. Det blir opplyst i undersøkinga at Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS blir avvikla når Vann Vest AS er i drift. Selskapet er registrert i 2019 og økonomital for verksemda er ikkje tilgjengeleg
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikke tilgjengeleg

Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 3, 63 %	Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane blir tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, jf. arkivlova § 6. 2.
Nøkkelpunkt	Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er eigd av 24 kommunar med varierende eigardel. Sist gong dei økonomiske nøkkeltala var registrert i Bisnode og Proff var i 2005.
- Omdøme - Samfunnsansvar	
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,20 %	Selskapets føremål er å vere eit kompetansesenter for vatn- og avlaupstenester. Bergen kommune er største eigar i verksemda med ein eigardel på 61, 5 %. Verksemda er også eigd av 21 andre kommunar med varierende eigardel. Åtte av eigarkommunane blir slått saman med andre kommunar som følgje kommunesamanslåinga fra 1.1.2020. Verksemda hadde negativt resultat i 2018, men nøkkeltala elles viser at selskapet har solid drift.
Nøkkelpunkt	
Omdøme	

Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS			
- Delt offentlig eigarskap - Samfunnsansvar	Det kjem fram i undersøkinga at Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS blir avvikla når Vann vest er oppe og går.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	2 552	4 394	3 755
Inntekter	12 538	11 008	11 655
Resultat før skatt	-87	639	669
Likviditet	2,85	2,8	2,33
Soliditet	37,68 %	65,46 %	59,12 %

BIR AS				
Selskapets føremål: Eigardel: 0,33 %		Førmålet til verksemda er å eige og forvalte selskap som skal syrgja for innsamling, transport og behandling av hushaldnings- og næringsavfall. Verksemda kan også etablere innsamling, transport og behandling av produksjons-, nærings- og farleg avfall.		
Nøkkelpunkt		Kvam kommune og 8 andre kommune har eigardel i BIR. Bergen kommune er største med 80 % av aksjane.		
• Vesentlege verdiar • Omdøme • Delt offentleg eigarskap • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane		Nøkkeltala viser at BIR har auka inntektene og resultata dei siste 3 åra, men likviditeten er ikkje tilfredsstillande og har vore synkande.		
		BIR har følgjande dotterselskap som fell under §§ 23-6 og § 24-10:		
		• BIR Nett AS (100%) • BIR Avfallsenergi AS (100%) • BIR Transport AS (100%) • BIR Privat AS (100%) • BIR Bedrift AS (100%) • WasteIQ AS(100%) • Møllendalsveien 31 AS (100%) • Conrad Mohrs Veg 15 AS (100%) • Møllendalsveien 40 AS (100%)		
		Selskapet har også eigardelar i BKK Varme AS (49 %) som ikkje fell innanfor §§ 23-6 og § 24-10.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)		2018	2017	2016

BIR AS			
Eigenkapital	222 339	221 295	213 402
Inntekter	190 360	189 149	180 897
Resultat før skatt	39 621	29 834	21 694
Likviditet	0,85	0,86	1,01
Soliditet	9,30 %	9,90 %	10,52 %

Kommunekraft AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 0,313 %	Føremålet til Kommunekraft er å formidle aksjeeigaranes disponible kraft, irekna konsesjonskraft, og drive annan verksemd knytt til slik formidling.		
Nøkkelpunkt	Landssamanslutninga av vasskraftkommunar er største eigar med 56,56 % av aksjane i eigarselskapet, i tillegg er det fleire enn 140 eigarkommunar med 0,313 % av aksjane kvar.		
- Omdøme - Samfunnsansvar	Nøkkeltala viser at Kommunekraft hadde negativt resultat i 2017. Verksemda har elles hatt ei solid drift dei siste tre åra.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	1 923	1 770	1 955
Inntekter	2 068	2 057	2 548
Resultat før skatt	154	-185	68
Likviditet	16, 62	12,79	3,34
Soliditet	94,22 %	92,67 %	71,85 %

E134 Haukelivegen AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 2,20 %	Føremålet til verksemda er å arbeide for utbygging og standardheving av transportkorridoren E134 Karmøy-Frogn, RV36 Seljord-E18 og sambandet E134-Bergen. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren når dette styrkar arbeidet for korridoren.
Nøkkelpunkt	E-134 haugelivegen er eigd av fleire kommunar som har 2,20 % eigardel kvar.
Omdøme	Nøkkeltala viser at verksemda har hatt ein stabil økonomi dei siste åra, sjølv om selskapet gjekk i underskot i 2018. Likviditeten til verksemda er tilfredsstillande.

E134 Haukelivegen AS			
• Delt offentlig eigarskap			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	3 505	3 700	2 571
Inntekter	1 214	2 603	2 338
Resultat før skatt	-195	1 129	3
Likviditet	13,26	13,76	2,42
Soliditet	92, 46 %	92,73 %	58, 69 %

4.1.2 Selskap som ikkje er omfatta av kommunelova §§ 23-6 og 24-10

Hardanger AKS AS (Storeholmen)	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 45,50 %	Verksemda sitt føremål er attføring og/eller sysselsetjing av yrkeshemma, irekna å eige andre selskap med liknande føremål. Verksemda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbytte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.
Nøkkelpunkt	Kvam er største eigar med 45,50% av aksjane og Vestland fylkeskommune er nest største eigar med 36,4 %.. Nøkkeltala viser at selskapet hadde negativ eigenkapital i 2016 og 2018 og at verksemda hatt eit stor fall i inntekter mellom 2017 og 2018. Hardanger AKS gjekk i underskot og hadde ikkje tilfredsstillande likviditet i 2016 og 2018. I 2018 hadde selskapet negativ soliditet. Det blir opplyst at Kvam herad har ei tredelt rolle overfor Hardanger AKS. For det første er Kvam herad den største eigaren av selskapet. For det andre har Kvam ei kommunal medfinansiering og nokre VTA (varig tilrettelagt arbeid)-plassar gjennom denne ordninga. For det tredje er Kvam herad ein kunde av selskapet, då dei kjøper vaskeritenester og andre tenester. Ifølgje rådmann er det eigarrolla som er mest utfordrande. Når det gjeld VTA-plassane meiner selskapet at driftstilskotet i dag er for lågt. Det blir elles vist til at tidlegare drift med mykje opptak av leasinggjeld er eit problem og at store summer går med til avdrag og renter. Både i intervju og spørjeundersøking er det mange som uttrykkjer bekymring for dette selskapet. Det blir peika på at den økonomiske situasjonen ikkje er god. Det blir opplyst at selskapet har tatt nokre grep i det siste, og at
• Omdøme • Samfunnsansvar • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane	

Hardanger AKS AS (Storeholmen)			
	den økonomiske situasjonen moglegvis er i ferd med å betre seg. Ettersom dagens situasjon er sårbar, blir det uttrykt eit ønske frå fleire om å sjå an situasjonen litt før ein eventuelt set i verk ein selskapskontroll.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	-118	318	-976
Inntekter	15 990	19 235	19 028
Resultat før skatt	-436	389	-428
Likviditet	0,96	1,37	0,86
Soliditet	-0,81 %	2,01 %	- 5,86 %

Hardangervegen AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 13,69 %	Føremålet er å arbeide aktivt for utvikling av planer for, og realisering av, en mest mogleg kort og effektiv veiforbindelse mellom Odda og Bergen via Folgefonntunnelen og lang tunnel til Jondal, og med tilførselsveier, samt arbeide for en best mogleg oppkobling mot øvrig stamveinett både mot øst og i vest. Selskapet har anledning til å delta i og/eller arbeide samen med andre selskap med tilsvarende føremål.		
Nøkkelpunkt			
- Omdøme - Delt offentlig og privat eigarskap	Hardangervegen AS er eigd av fleire kommunar og private aktørar. Kvam er største eigar med 13,69 % av eigarskapet. Odda kommune og Jondal kommune hadde også 13,39 % av eigarskapet før kommunesamanslåinga 1.1.2020, men forsvinn etter samanslåinga. Nøkkeltala viser at verksemda sin økonomi har blitt relativt stabil dei siste tre åra, men selskapet har hatt ein svak positiv vekst.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	146	141	137
Inntekter	35	34	31
Resultat før skatt	5	4	1
Likviditet	7,95	9,88	14,8
Soliditet	87, 43 %	89, 24 %	92,57 %

Næringshagen i Hardanger AS			
Selskapet sitt føremål Eigardel: 9,52 %	Selskapet skal driva rådgjeving og utvikling av kompetanse for dei mål- og medlemsbedrifter som er tilknytt næringshagen. NIH skal også gje råd og støtte til nyetablerte næringsdrivande. NIH er deltakar i SIVA (Statens Industrivekstanlegg) sitt næringshageprogram.		
Nøkkelpunkt			
- Omdøme - Delt offentlig og privat eigarskap - Direkte tenestetilbod til innbyggjarane - Stifta i 2015.	Næringshagen i Hardanger AS er eigd av fleire kommunar og private aktørar. SIVA (selskapet for industrivekst) er største eigar med 20 % og Sparebanken vest er nest størst med 19,04 % av aksjane. Nøkkeltala viser at resultatet har hatt ein negativ trend dei siste åra, men at selskapet fortsett har tilfredsstillande likviditet og aukande inntekter. Næringshagen i Hardanger har kjøpt aksjar tilsvarende 9, 52 % av eigarskapet i seg sjølv.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	893	912	281
Inntekter	3 031	2 998	2 472
Resultat før skatt	44	208	610
Likviditet	2,69	2,99	1,53
Soliditet	63, 38 %	67,41 %	21,42 %

Visit Hardangerfjord AS	
Selskapet sitt føremål Eigardel: 6,89 %	Selskapet sitt føremål er som konsulent på tilskots- og konsulentbasis å samordne all marknadsføring i Hardangerregionen og tiltak som kan vere med å styrke reiselivsnæringa i regionen.
Nøkkelpunkt	Største eigar i Visit Hardangerfjord AS er Ullensvang kommune.
- Omdøme - Samfunnsansvar - Delt offentlig og privat eigarskap	Verksemda har hatt en negativ økonomisk trend dei siste åra. Eigenkapital, inntekter og resultat har minka og i 2018 gjekk selskapet i underskot. Likviditeten har ikkje vore tilfredsstillande dei siste tre åra.

Visit Hardangerfjord AS			
Ikkje tilfredsstillande likviditet			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	83	251	224
Inntekter	4 891	5 667	6 045
Resultat før skatt	-180	26	102
Likviditet	1,05	1,25	1,18
Soliditet	6,29 %	21,94 %	16,79 %

LL et norske teateret AS			
Selskapet sitt føremål	Føremålet til selskapet er å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by		
Eigardel: Under 0 prosent			
Nøkkelpunkt	Verksemnda er eigd av fleire private aktørar og kommunar. Idrettslaget i BUL er største eigar med 11,03 %. Det er ukjent kor stor eigardel Kvam har. Nøkkeltala viser at verksemnda har tapt store delar av eigenkapitalen og at likviditeten ikkje har vore tilfredsstillande dei siste åra. Selskapet gjekk i store underskot i både 2017 og i 2018.		
- Omdøme - Underhaldning - Store underskot i 2017 og 2018	LL det norske teateret eigar 33 % av aksjane i Den mangfaldige scenen AS.		
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	6 507	9 346	19 198
Inntekter	254 980	246 890	220 994
Resultat før skatt	- 2 482	-6498	25817
Likviditet	0,5	0,67	0,84
Soliditet	3,93 %	5,55 %	12,32 %

Biblioteksentralen SA			
Selskapet sitt føremål Eigardel: syv delar	Biblioteksentralen SA skal mellom anna være eit serviceorgan for alle typar offentlege bibliotekar og hovudleverandør av produkt og tenester til bibliotekar og liknande institusjonar.		
Nøkkelpunkt	Nøkkeltala viser at inntektene har falt og at selskapet hadde eit underskot på om lag 19 millionar i 2016 og 7 millionar i 2018. Likviditeten er fortsett tilfredsstillande og verksemda har høg eigenkapital.		
• Delt eigarskap med private aktørar • Samrvirkeføretak • Omdøme			
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	2018	2017	2016
Eigenkapital	289 235	296 362	237 540
Inntekter	125 324	131 980	136 941
Resultat før skatt	-7 127	58 822	-19 810
Likviditet	4,58	4,91	5,23
Soliditet	63,53 %	62,58 %	86,53 %

Vikøy vasslag SA	
Selskapet sitt føremål Eigardel:	Føremålet er å skaffa partseigarane, i fortsetjinga nemnt medlemmene, nok vatn av godkjent kvalitet. Vikøy vasslag SA er eigar av Vikøy vassverk, og står for drifta av dette. Vassverket skal vera godkjent etter der til ei kvar tid gjeldande lover og føresegner, og vera underlagt offentlig kontroll av det/dei organ som er tillag slik mynde. Vikøy vasslag SA kan og etter årsmøtevedtak gå inn i slekta/tilstøytande verksemd dersom dette skjer utan risiko for drifta av vassverket.
Nøkkelpunkt	
• Omdøme • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane • Samfunnsansvar	Økonomital for verksemda er ikkje tilgjengeleg
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

Tørvikbygd vasslag SA	
Selskapet sitt føremål Eigardel:	Føremålet til verksemda er å skaffe vatn til medlemene i Tørvikbygd, so langt det forsvarleg let seg gjera.
Nøkkelpunkt	Økonomital for verksemda er ikkje tilgjengeleg
• Omdøme • Direkte tenestetilbod til innbyggjarane • Samfunnsansvar	
Nøkkeltal (i heile tusen NOK)	Ikkje tilgjengeleg

4.1.3 Føretak, samarbeid og foreiningar

Kommunale føretak og verktskommunesamarbeid er omfatta av ordinær forvaltningsrevisjon. Stiftingar og foreiningar er ikkje omfatta verken av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll. Under lister vi opp vertskommunesamarbeid, stiftingar, kommunalt føretak mv.

Vertskommunesamarbeid

- Legevakt
- Kommunegeolog

Stiftingar

- Kvam Bustadsstifting
- Stiftinga Hardanger og Voss museum
- Stiftinga Hardanger fartøyscenter
- Stiftinga høgskuleutdanninga i Hardanger

Kommunale føretak

- Kvammabadet KF

Andre

- Bergen og omland friluftsråd
- KLP (eigenkapitalinskot)

5. Eigarskapskontrollar – oversikt over identifiserte risikoområde

Basert på analysane og funna knytt til selskapa der Kvam herad har eigarskap (kapittel **Error! Reference source not found.**), presenterer vi i dette kapittelet vurderingane av kor i Kvam herad si eigarskapsforvaltning det er risiko for at kommunen ikkje utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing, både overordna sett og for enkelte selskap der kommunen har eigarinteresser.

Typiske risikoområde som blir undersøkt og vurdert i ein eigarskapskontroll inkluderer system og rutinar for oppfølging av eigarskap, rutinar for val av styrerepresentantar, opplæring av styrerepresentantar og rapportering til kommunestyret.

Dersom ein gjer forvaltningsrevisjon i eit selskap (sjå kap. 4) vil ein også kunne slå denne saman med ein eigarskapskontroll, ved å legge til desse problemstillingane i forvaltningsrevisjonen.

Dei identifiserte risikoområda/-selskapa er sett opp i uprioritert rekkjefølgje. Det er kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere val av og rekkjefølgje for eigarskapskontrollane i planen som blir lagt fram for kommunestyret.

Tabellen under viser identifiserte risikoområda/-selskap knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning. Vi tar atterhald om at ikkje all informasjon som kjem fram er verifisert.

Tabell 10: Identifiserte risikoområder knytt til kommunen si eigarskapsforvaltning

Område/selskap	Eigardel	Observasjonar	Risikoområde
Overordna eigarskapsforvaltning i kommunen	IA	Kommunen skal etter ny kommunelov utarbeide eigarskapsmelding som vedtakast av kommunestyret minst ein gong i valperioden (§ 26-1). Kvam har ein eigarskapsmelding frå 2017 og eigarskapsstrategiar for kvart enkelt selskap. I følgje heradet sin årsmelding for 2019 er revisjon av eigarmelding og eigarstrategiar planlagt våren 2020. I undersøkinga blir det peika på at sjølv om kommunen no i større grad vel styrerepresentantar etter kompetanse bør styrekompetansen betrast ytterlegare. Sist det blei sett nærare på eigarskapsforvaltninga i Kvam var i 2009-2010.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskap • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar og • Rapportering til kommunestyret
Hardanger AKS AS	45,50 %	Selskapet hadde negativ eigenkapital i 2016 og 2018 og at verksemda hatt eit stor fall i inntekter mellom 2017 og 2018. Hardanger AKS gjekk i underskot og hadde ikkje tilfredsstillande	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen

likviditet i 2016 og 2018. I 2018 hadde selskapet negativ soliditet.

Det blir opplyst at Kvam herad har ei tredelt rolle overfor Hardanger AKS. For det første er Kvam herad den største eigaren av selskapet. For det andre har Kvam ei kommunal medfinansiering og nokre VTA (varig tilrettelagt arbeid)-plassar gjennom denne ordninga. For det tredje er Kvam herad ein kunde av selskapet, då dei kjøper vaskeritenester og andre tenester. Ifølgje rådmann er det eigarrolla som er mest utfordrande.

Både i intervju og spørjeundersøking er det mange som uttrykkjer bekymring for dette selskapet.

Kvam kraftverk AS	100 %	Kvam Herad er einaste eigar av selskapet, som både forvaltar store verdiar på vegner av kommunen og fellesskapet, og som leverer kritiske tenester til kommunen sine innbyggjarar.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
Kvam energi AS	100%	Kvam Herad er einaste eigar av dette nye selskapet som blei etablert hausten 2019. Det er ikkje etablert strategi for eigarstyring av selskapet.	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen

6. Gjennomførte og planlagte forvaltningsrevisjonar, eigarskapskontrollar og statlege tilsyn

6.1 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar og selskaps-/eigarskapskontrollar

6.1.1 Forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda

Følgjande forvaltningsrevisjonar er tidlegare gjennomført i Kvam herad

- Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane (2019)
- Arbeidet med internkontroll (2018)
- Tilskotsforvaltning (2017)
- Tilpassa opplæring og spesialundervisning (2014)
- Barnevernet (2013)
- Arbeid med private planer (2011)
- Prosjektstyring i investeringane i Kvammaskulen (2008-2009)
- Vurdering av etatar si oppfølging overfor publikum (2007 Gjennomført av indre Hordaland revisjon)
- Bruk av kraftfond i Kvam herad (2007 Gjennomført av indre Hordaland revisjon)
- Når Kvam Herad vekstmåla i kommuneplanen (2006 Gjennomført av indre Hordaland revisjon)
- Handsaming av Startlån i Kvam Herad (2006 Gjennomført av indre Hordaland revisjon).

6.1.2 Forvaltningsrevisjon i selskap

- Hardanger AKS (2016)
- Hardangerbrua AS (2014) (Oppdragsgjevar var Hordaland fylkeskommune)
- Hardangerrådet IKS (2016) (gjennomført av Indre Hordaland Revisjonsdistrikt)

6.1.3 Eigarskapskontroll

- Eigarskapsforvaltning (2009-2010)

6.1.4 Andre oppdrag

Vurdering av utvalte spørsmål frå MDG - notat

6.2 Gjennomførte og planlagde statlege tilsyn

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn i Kvam dei siste åra:

- Tilsyn med Nav Kvams behandling av søknader om økonomisk stønad etter sosialtenestelova for personar med forsyttaransvar for barn 2020
- Tilsyn med Kvam herad - kommunens arbeid med tilsyn med miljøretta helsevern i barnehagar og skular 2019
- Tilsyn med Kvam herad - helse- og omsorgstenester og sosiale tenester i NAV til personar med samtidig rusmiddelproblem og psykisk lidning 2018.
- Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Kvam blei gjennomført i 2018.
- Tilsyn med heradet som barnehagemynde og heradet sitt tilsyn med styrarressursar i barnehagar 2016

I intervju har revisjonen fått opplyst at Arbeidstilsynet gjennomfører eit tilsyn knytt til Asbest i kommunen og at dei nyleg har hatt tilsyn i heimetenesta.

Tilsynskalender for planlagde statlege tilsyn med kommunane finst på Fylkesmannen sine sider: <https://tilsynskalender.fylkesmannen.no/> . Det kan verke som at sida er uferdig for Vestland sin del ettersom det ikkje er opplyst planlagde tilsyn for 2020. Det går heller ikkje fram av fylkesmannen sine ordinære nettsider kva tilsyn som eventuelt er planlagt i Kvam kommune.

7. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontrollar

På bakgrunn av dei analysar og risikovurderingar som er gjennomførte, er det identifisert fleire område som etter Deloitte si vurdering kan representere høg risiko, og kor kontrollutvalet bør vurdere å gjennomføre forvaltningsrevisjonsprosjekt i Kvam herad.

Forslaget dannar grunnlag for prioriteringa som kontrollutvalet skal gjere. Kontrollutvalet står fritt til å leggje til og endre på prosjekta som er skissert under. Prosjekta under er delt mellom dei som er vurdert med høg risiko (raude) og dei som er vurdert med middels risiko (gule). Det er ikkje gjort noko prioritering innbyrdes mellom desse.

7.1 Forvaltningsrevisjon

Prosjekt som er kategorisert som høg risiko (raude)

Tabell 11: Raude prosjekt

Prosjekt	Tema
1. Vedtaksoppfølging	System for oppfølging og iverksetting Effektiv rapportering Oversikt over vedtak
2. Informasjonstryggleik	Regeletterleving Oppfølging av og kjennskap til kommunal strategi
3. Leverandør- og kontraktsoppfølging	Rutinar for leverandør- og kontraktsoppfølging Etterleving av rutinar Oppfølging av krav i arbeidsmiljølov Kontroll av utvalde kontraktar
4. Investeringar	Prosjektplanlegging Prosjektstyring Etterleving av innkjøpsreglar Kontrahering Kontraktsoppfølging
5. Innkjøp	System, rutinar og kompetanse for gjennomføring av innkjøp i samsvar med regelverk Bruk av rammeavtar
6. Berekraft, klima og miljø	Oppfølging og etterleving av FNs berekraftsmål Klimaavtrykk Klimarekneskap Naturmangfald
7. Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar	Omfang av sjukefråvær og vikarbruk. Tiltak, system og rutinar ved fråvær og vikarbruk. Ivaretaking av pedagogisk tilbod og tryggleik
8. Opplæring til minoritetsspråklege elevar	Tilbod og omfang av morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring Regeletterleving
9. Vedtakspraksis ved forvaltarkontor	Regeletterleving System og rutinar for samhandling med tenesteutøvarane kvalitetssikring
10. Byggesak	Fristetterleving Service, råd og rettleiing
11. Hardanger AKS AS (Storeholmen)	Økonomistyring Internkontroll og HMT Målinnfriing

	<i>Brukarmedverknad Samhandling mellom selskap og kommunale tenester</i>
12. Kvam kraftverk AS	<i>Økonomistyring Internkontroll Målinnfriing</i>

7.1.1 Andre prosjekt (gule)

Tabell 12: Gule prosjekter

Prosjekt
• Rekruttering
• Intern kontroll
• Digital kompetanse og digitalisering
• Økonomi og budsjettering
• Vaksenopplæring
• Barnevern
• Tilpassa opplæring og spesialundervisning
• Flyktningetenester
• Pleie og omsorg
• Rusomsorg og psykisk helse
• Sosiale tjenester i NAV
• Vatn og avløp
• Kommunale vegar
• Offentlegheit og innsyn
• Innsynspraksis
• Arealplanar
• Landbruk og næring
• Kulturskule
• Hardangerbadet KF

7.2 Eigarskapskontroll

Tabell 13: Aktuelle prosjekt

Prosjekt	Tema
• Eigarskapsforvaltning	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa ◦ Eigarmelding ◦ Eigarstrategi ◦ Eigaroppfølging • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
• Hardanger AKS	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet ◦ Eigarmelding ◦ Eigarstrategi ◦ Eigaroppfølging

	<i>Val og opplæring av styrerepresentantar</i> <i>Rapportering til kommunen</i> <i>Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane</i>
Kvam kraftverk AS	<i>System og rutinar for oppfølging av eigarskapet</i> <i>Val og opplæring av styrerepresentantar</i> <i>Rapportering til kommunen</i>
Kvam energi AS	<i>System og rutinar for oppfølging av eigarskapet</i> <i>Val og opplæring av styrerepresentantar</i> <i>Rapportering til kommunen</i>



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Kvam herad

Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024

Mai 2020

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til forvaltningsrevisjon	4
1.2	Krav til plan for forvaltningsrevisjon	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024	6
2.1	Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	6
2.2	Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt	7
3.	Gjennomføring av forvaltningsrevisjon	8
3.1	Framgangsmåte	8
3.2	Gjennomføring og rapportering	8

1. Innleiing

1.1 Krav til forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-2 bokstav c) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen sin verksemd og av selskap kommunen har eigarinteresser i. Same lov § 23-3 definerer forvaltningsrevisjon som å gjennomføre systematiske vurderingar av:

- økonomi,
- produktivitet,
- regeletterleving,
- målinnfriing og
- verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.

1.2 Krav til plan for forvaltningsrevisjon

Kommunelova § 23-3 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner.

I følgje kommunelova § 23-3 femte ledd er det heradsstyret som vedtek plan for forvaltningsrevisjon, men heradsstyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-3 tredje ledd stiller krav om at planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Kvam herad. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen og i selskapa der kommunen har eigarinteresser, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og ulike selskap der det kan vere aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon.

Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen si verksemd har teke utgangspunkt i risiko for manglar eller avvik knytt til produktivitet, målinnfriing, regeletterleving, vedtaksoppfølging, internkontroll og/eller effektivitet. Risiko- og vesentlegvurderinga av kommunen sine eigarskap i selskap har teke utgangspunkt i risiko for at selskapa ikkje driv i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader, eller at dei ikkje driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte. I tillegg har det blitt vurdert kor vesentlege selskapa er for kommunen, med utgangspunkt i brukarperspektivet/samfunnsnyttan og dei økonomiske interessene dei representerer for kommunen.

Informasjon som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga, og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativt leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

På bakgrunn av risiko- og vesentlegvurderinga er det utarbeidd forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt, og kontrollutvalet har vurdert dei ulike områda opp mot kvarandre og prioritert dei områda dei meiner det er mest vesentleg å undersøkje.

2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2020-2024

Under er forvaltningsrevisjonsprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Forvaltningsrevisjonsprosjekta er delt i to grupper; ei prioritert liste med dei viktigaste prosjekta, samt ei uprioritert liste med prosjekta som er vurdert å ha lågare risiko og mindre vesentlege å gjennomføre ein forvaltningsreisjon av. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise forvaltningsrevisjonsprosjekta.

Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll (sjå plan for eigarskapskontroll 2020-2024).

2.1 Gruppe 1 – prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 1: Prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar	• Omfang av sjukefråvær og vikarbruk • Tiltak, system og rutinar ved fråvær og vikarbruk • Ivaretaking av pedagogisk tilbod og tryggleik
2	Vedtaksoppfølging	• System for oppfølging og iverksetting • Effektiv rapportering • Oversikt over vedtak
3	Innkjøp	• System, rutinar og kompetanse for gjennomføring av innkjøp i samsvar med regelverk • Bruk av rammeavtalar
4	Berekraft, klima og miljø	• Oppfølging og etterleving av FNs berekraftsmål • Klimaavtrykk • Klimarekneskap • Naturmangfald
5	Hardanger AKS AS (Storeholmen)	• Økonomistyring • Internkontroll og HMT • Målinnfring • Brukarmedverknad • Samhandling mellom selskap og kommunale tenester
6	Leverandør- og kontraktsoppfølging	• Rutinar for leverandør- og kontraktsoppfølging • Etterleving av rutinar • Oppfølging av krav i arbeidsmiljølov • Kontroll av utvalde kontraktar
7	Investeringar	• Prosjektplanlegging • Prosjektstyring • Etterleving av innkjøpsreglar • Kontrahering • Kontraktsoppfølging
8	Kvammabadet KF	• Styring

		• Drift
--	--	---------

2.2 Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt

Prosjekt
Rusomsorg og psykisk helse
Informasjonstryggleik
Opplæring til minoritetsspråklege elevar
Vedtakspraksis ved forvaltarkontor
Byggesak
Kvam kraftverk AS
Rekruttering
Intern kontroll
Digital kompetanse og digitalisering
Økonomi og budsjettering
Vaksenopplæring
Barnevern
Tilpassa opplæring og spesialundervisning
Flyktningetjenester
Pleie og omsorg
Rusomsorg og psykisk helse
Sosiale tjenester i NAV
Vatn og avløp
Kommunale vegar
Offentlegheit og innsyn
Innsynspraksis
Arealplanar
Landbruk og næring
Kulturskule

Dersom heradstyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av forvaltningsrevisjon

3.1 Framgangsmåte

Revisor vil følge standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) ved gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Kva metodar som blir brukt for datainnsamling i dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta er avhengig av endelege problemformuleringar i dei einskilde prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre heilskapleg analysar og vurderingar. Ei slik metodetriadangulering medverkar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan vere:

- Dokumentanalyse
- Elektroniske spørjeskjema
- Intervju
- Dataanalyse
- Testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellukka forvaltningsrevisjonsprosjekt er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkte og kva revisjonskriterium¹ ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei einskilde prosjekta. Før ein forvaltningsrevisjon blir starta opp, skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein forvaltningsrevisjon med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen. Rapport frå forvaltningsrevisjonen vil også bli sendt til høyring til rådmannen før den blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir oversendt heradstyret saman med rapporten. Det er kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at heradstyret sitt vedtak knytt til handsaminga av rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp.

¹ Normer og standardar som forvaltninga blir vurdert opp mot (vedtak, regelverk, mål)



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2019/47-14
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	21/20	27.05.2020

Innstilling - Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad

Forslag til innstilling

1. Forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan selskapskontroll for perioden 2016 - 2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av eigarskapskontrollar til heradsstyret.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å legg fram sak om plan for eigarskapskontroll for Kvam herad for perioden 2020 - 2024. Planen skal vidare til heradsstyret til endeleg avgjerd.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Plan for eigarskapskontroll - Kvam herad 2020-2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyder slik:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i perioden 2020 - 2024
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av heradet si eigarskap i selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av heradsstyret, som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slik vedtak 27.11.2019:

1. *Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 150 timar for arbeid relatert til dei to planane som går fram av prosjektplanen.*
2. *Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll.*
3. *Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.*

Prosessarbeidet med plan for eigarskapskontroll har vorte utført parallelt med arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon. Det har vore gjennomført dokument- og statistikkanalyse, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, elektronisk spørjeundersøking for administrative leiarar og heradsstyret, intervju med administrative og politiske leiarar i heradet og prosessmøter med kontrollutvalet. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for eigarskapskontroll.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 09.03.20 vart det sett fokus på risikoar innanfor heradet si eigaroppfølging av selskapa der heradet har eigarinteresser. I møtet 27.04.20 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll innan.

Analysegrunnlag for plan for eigarskapskontroll blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 27.04.20. Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av eigarskapskontrollprosjekt i Kvam herad, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Dette dokumentet inneheld også analysegrunnlag som ligg til grunn for plan for forvaltningsrevisjon som skal handsamast i anna sak til dette møtet. Det er gjort nokre justeringar i dette dokumentet etter førre møte i kontrollutvalet og ny versjon av dokumentet ligg ved som vedlegg til sak om plan for forvaltningsrevisjon.

Det føreligg også utkast til plan for eigarskapskontroll som ligg ved saka som vedlegg 2. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for eigarskapskontroll skal vidare til heradsstyret som fattar endeleg vedtak.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til heradsstyret, som vedtar plan for eigarskapskontroll, jf. kommunelova § 23-4.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2020 - 2024. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunestyrevalet. Neste kommunestyreval er i 2023, medan ferdigstilling av plan for eigarskapskontroll for neste periode truleg skjer i 2024, med nasjonal frist ved utgangen av 2024.

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av heradet sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 første ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøver heradet sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, heradsstyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

I forslaget til plan har Deloitte skrive kva eigarskapskontrollen kan innehalda dei neste fire åra. Prioriterte prosjekt finn ein i kap. 2 i plandokumentet, og denne prioriteringa vert det invitert å slutta seg til.


Den førre planen for selskapskontroll i Kvam herad blei utarbeidd i 2016, og skulle gjelda for perioden 2016 - 2020. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar i, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført ei evaluering av planen midt i planperioden for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Planen har oversikt over dei selskap som Kvam herad har eigarskap i. Oversikta er basert på informasjon frå heradet og relevante elektroniske kjelder. Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er heradet si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024).

Det aktuelle prosjekta blir presentert i ein tabell i punkt 2.1 som inneheld oversikt over selskap som heradet har eigarskap i.

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen. Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for heradsstyret for endeleg avgjerd.



Kvam herad

Plan for eigarskapskontroll 2020-2024

Mai 2020

Innhold

1.	Innleiing	4
1.1	Krav til eigarskapskontroll	4
1.2	Krav til plan for eigarskapskontroll	4
1.3	Krav til risiko- og vesentlegvurdering	4
2.	Eigarskapskontrollar 2020-2024	5
2.1	Eigarskapskontrollprosjekt	5
3.	Gjennomføring av eigarskapskontroll	7
3.1	Framgangsmåte	7
3.2	Gjennomføring og rapportering	7

1. Innleiing

1.1 Krav til eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-2 bokstav d) pålegg kontrollutvalet å sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap (eigarskapskontroll). Same lov § 23-4 først ledd definerer eigarskapskontroll som å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring.

1.2 Krav til plan for eigarskapskontroll

Kommunelova § 23-4 andre ledd stiller krav om at det skal utarbeidast ein plan for eigarskapskontroll:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres.

I følgje kommunelova § 23-4 femte ledd er det heradsstyret som vedtek plan for eigarskapskontroll, men heradsstyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen:

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

1.3 Krav til risiko- og vesentlegvurdering

Kommunelova § 23-4 tredje ledd stiller krav om at planen for eigarskapskontroll skal vere basert på ei risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

På oppdrag frå kontrollutvalet har Deloitte gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering i Kvam herad. Føremålet har vore å skaffe relevant informasjon om eigarskapsforvaltninga i kommunen, slik at det var mogleg for kontrollutvalet å prioritere mellom ulike område og/eller selskap det kan vere aktuelt å gjennomføre eigarskapskontroll av.

Risiko- og vesentlegvurderinga skal avdekkje indikasjonar på avvik eller sårbare område sett opp mot at kommunen utøver tilstrekkeleg kontroll med selskapa i samsvar med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing. Vurderinga er gjort både overordna og for kvart av selskapa der kommunen har eigarinteresser.

Informasjonsgrunnlaget som ligg til grunn for risiko- og vesentlegvurderinga og for utveljing og prioritering av prosjekt, er samla inn gjennom fleire aktivitetar som har involvert både politisk leiing, administrativ leiing og kontrollutvalet. Mellom anna har følgjande aktivitetar blitt gjennomført:

- Dokument- og statistikkanalyse
- Prosessmøte i kontrollutvalet
- Spørjeundersøking til tilsette og politikarar i kommunen
- Intervju med administrative og politiske leiarar i kommunen.

Informasjon som blei samla inn gjennom desse aktivitetane har gitt ei god oversikt over risikoområda innanfor kommunen sin overordna eigarstyring, og for kvart av selskapa kommunen har eigarinteresser i. Informasjonen er samla i eit analysedokument som låg til grunn for utveljing og prioritering av eigarskapskontrollprosjekt.

2. Eigarskapskontrollar 2020-2024

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden avheng av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei einskilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentleg-vurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise eigarskapskontrollprosjekta.

Eigarskapskontroll kan gjennomførast som eigne prosjekt der tema er kommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024).

2.1 Eigarskapskontrollprosjekt

Tabell 1: Prioriterte eigarskapskontrollrevisjonsprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Eigarskapsforvaltning	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapa ◦ Eigarmelding ◦ Eigarstrategi ◦ Eigaroppfølging • Rutinar for val av styrerepresentantar • Opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
	Kvam energi AS	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen
	Hardanger AKS	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet ◦ Eigarmelding ◦ Eigarstrategi ◦ Eigaroppfølging • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen • Samhandling med kommunen sine tenester for dei same brukarane
	Kvam kraftverk AS	• System og rutinar for oppfølging av eigarskapet • Val og opplæring av styrerepresentantar • Rapportering til kommunen

Om heradstyret ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det hensiktsmessig kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.

3. Gjennomføring av eigarskapskontroll

3.1 Framgangsmåte

Revisjonen vil gjennomføre eigarskapskontroll i samsvar med NKRF (Norsk kommunerevisorforbund) sine rettleiarar og standardar for dette.¹

Kva metodar som blir brukt for datainnsamlinga i dei ulike eigarskapskontrollane er avhengig av endelege problemformuleringar i dei enkelte prosjekta. Generelt blir det brukt ein kombinasjon av fleire metodar for å sikre tilstrekkeleg bredde i datamaterialet til å kunne utføre ein heilskapleg analyse og vurdering. Ein slik metodetriangulering bidrar også til kvalitetssikring ved at ein kan samanlikne funn frå dei ulike tilnærmingane.

Moglege metodar for datainnsamling og -analyse kan være:

- dokumentanalyse
- elektroniske spørjeskjema
- intervju
- dataanalyse
- testing av kontrollar og rutinar

Det sentrale for å kunne gjennomføre vellykka eigarskapskontrollar er at kontrollutvalet saman med revisjonen avgrensar og definerer prosjekta ved hjelp av å konkretisere føremål, kva problemstillingar som skal bli undersøkt og kva kriterium ein forventar at revisor skal leggje til grunn. Dette kan gjerast ved bestilling av dei enkelte prosjekta. Før ein eigarskapskontroll blir starta opp skal kontrollutvalet godkjenne ein prosjektplan som skildrar korleis prosjektet skal gjennomførast.

3.2 Gjennomføring og rapportering

Revisjonen vil alltid starte ein eigarskapskontroll med å sende eit oppstartsbrev med informasjon om prosjektet til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet. Rapporten vil også bli sendt til høyring til rådmannen og eventuelt det aktuelle selskapet før rapporten blir lagt fram for kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har handsama rapporten blir det utarbeidd ei innstilling som blir sendt over til heradstyret saman med rapporten.

¹ Standard for eigarskapskontroll RSK 002 er under ferdigstilling



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 312,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2020 Deloitte AS



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/74-6
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utv	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	22/20	27.05.2020

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstilling til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Anita Sørnes
Formannskapet	Håvard Gjerde og Svanhild A. Botnen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til heradet på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/>

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinere tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 12.05.2020
- Formannskapet 06.05.2020
- Miljø, plan og bygningsutval 05.05.2020

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollene som går fram av saksfremstillinga over til orientering.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saknr: 2020/77-3
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	23/20	27.05.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 09.03.2020 i PS 10/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

Referatsaker

RS 10/20 Partsbrev - Henvending frå Hardanger AKS

Fra: Roald Breistein (Roald.Breistein@vlfk.no)

Sendt: 23.04.2020 11:04:27

Til: firmapost@hardangeraks.no

Kopi: oivind@hardangeraks.no; Kvam herad; Kvam herad; gjermund@nlth.no; Roald Breistein

Emne: Partsbrev - Henvending frå Hardanger AKS

Vedlegg: Partsbrev - Henvending frå Hardanger AKS.pdf

Vedlagt følger partsbrev i sak PS 32/20 Henvending frå Hardanger AKS etter møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 21.04.2020.

Med helsing

Roald Breistein

seniorrådgjevar

sekretariat for kontrollutvalet



Tlf: 97 50 51 52

www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Vår referanse 2020/41815-3
Dato 23.04.2020

Hardanger AKS
Sjusetevegen 67
5610 ØYSTESE

Partsbrev - Henvending frå Hardanger AKS

Vedlagt følgjer partsbrev i sak PS 32/20 Henvending frå Hardanger AKS etter møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 21.04.2020.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
Kvam herad
Kontrollutvalet i Kvam herad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet	20/20	16.03.2020
Kontrollutvalet	32/20	21.04.2020

Henvending frå Hardanger AKS**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar henvendinga frå Hardanger AKS til orientering.
2. Kontrollutvalet tar saka med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

Saksprotokoll i 16.03.2020 - kontrollutvalet**Handsaming i møte****Vedtak**

Møtet vart avlyst grunna korona-viruset.

Saksprotokoll i 21.04.2020 - kontrollutvalet**Handsaming i møte**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar henvendinga frå Hardanger AKS til orientering.
2. Kontrollutvalet tar saka med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

Samandrag

Føremålet med denne saka er å vurdere om brev frå Hardanger AKS dagsett 20.01.2020 er ei sak som kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune bør involverer seg i.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

1 Hardanger AKS er i positiv utvikling men bryt med lovpålagte krav

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I samband med møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 13.02.2020 vart dette protokollert i sak PS 15/20:

«Handsaming i møte

Jostein Ljones orienterte om brev han som medlem i heradsstyret i Kvam herad har motteke frå Hardanger AKS om utfordringar i selskapet. Brevet har tittelen «Hardanger AKS i ei positiv utvikling men bryt med lovpålagte krav». Hordaland fylkeskommune og Kvam herad gjennomførte ein selskapskontroll av dette selskapet i 2016.

Brevet vert send til sekretariatet og kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak til neste møte med tanke på om det som kjem fram i brevet kan vera grunnlag for å vurdere om det bør gjennomførast ny kontroll i selskapet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

Vedtak

- 1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ønskjer å ha eventuelt som sak i kvart møte.*
- 2. kontrollutvalet ber sekretariatet førebu ei sak til neste møte med tanke på om det som kjem fram i brevet frå Hardanger AKS kan vera grunnlag for å vurdere om det bør gjennomførast ny kontroll i selskapet.»*

Brevet ligg ved saka.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har mynde til å gjennomføre forvaltningsrevisjonar/selskapskontrollar medan det er fylkestinget som har mynde til å vedta revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-5.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har merka seg at det mottekne brevet i hovudsak omhandlar at selskapet meiner dei ikkje har god nok økonomi til å kunne ivareta lovpålagde oppgåver. Vidare har vi merka oss at eigarrepresentanten for Hordaland fylkeskommune og eigarrepresentanten for Samnanger kommune ikkje var til stades på generalforsamlinga i selskapet 04.07.2019.

Sekretariatet hadde 04.03.2020 munnleg kontakt med ordførar i Kvam herad, Torgeir Næss, som kunne opplyse følgjande i høve oppfølging av brevet frå Hardanger AKS:

- Det er gjennomført eit eigarmøte 19.02.2020 mellom Kvam herad og Hardanger AKS
- Det er også gjennomført eit møte mellom NAV, administrasjonen i Hardanger AKS og administrasjonen i Kvam herad
- Ordførar har også hatt møte med styreleiar i selskapet
- Føremålet med desse aktivitetane har vore å få fram fakta i saka og avklare løypande drift som eit grunnlag for kva som bør gjerast vidare
- Det vert framleis jobba med saka
- Ordførar har orientert Kvam heradsstyre munnleg om saka

Slik sekretariatet ser det er dette ikkje ei sak som kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune på noverande tidspunkt bør involvere seg i. Grunngevinga for det er at Kvam herad er i dialog med både Hardanger AKS og NAV med tanke på å finne ei løysing på saka.

Vidare meiner sekretariatet at dette kan vera eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune på noverande tidspunkt tar henvendinga frå Hardanger AKS til orientering.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet tar saka med seg som eit innspel i risiko- og vesentlegvurderinga som skal ligga til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024, som kontrollutvalet no er i gang med.

Fra: Anne-Karin Femanger Pettersen (fkt@fkt.no)

Sendt: 04.05.2020 10:44:53

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: FKT - medlemsinformasjon mai 2020

Vedlegg: FKT_prot_200428.pdf

Til FKTs medlemmer

Covid-19 viruset og innvirkning på vårens kurs og konferanser

Covid-19 viruset har preget oss alle denne våren. For FKT er konsekvensen avlyste kurs, konferanser og andre arrangementer:

Noter dere allerede nå dato for arrangementene til neste år.

- Sekretariatskonferansen 24.-25. mars er avlyst. **Neste sekretariatskonferanse er 16.-17. mars 2021 på Lillestrøm**
- Kontrollutvalgslederskolen 21.-22. april er avlyst. **Vi vurderer utsettelse av kontrollutvalgslederskolen til høsten.** Vi vil holde dere oppdatert.
- Fagkonferansen 3.- 4. juni er avlyst. **Neste fagkonferanse er 1.-2. juni 2021 i Ålesund**
- Arrangement under Arendalsuka 11. august er avlyst

Faglig påfyll

Artikler og rapporter:

Vi ønsker å holde våre medlemmer faglig oppdatert til tross for avlyste arrangement. Når vi ikke kan møtes for å dele erfaringer og kunnskap, er det ikke så dumt å skrive.

- [Her kan dere lese en evaluering av valget av kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg](#)
- [Her kan du lese om hvorfor kontroll og tilsyn er blitt så viktig i offentlig styring](#)

Nylige høringsvar fra FKT:

FKT har avgitt høringsvar til NKRF på forslag til revidert standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og ny standard for eierskapskontroll (RSK 002)

- [Du kan lese vårt høringsvar her](#)

Nylige svar fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet på henvendelser fra medlemmer:

- [NAV-ansatte i kontrollutvalget – valgbarhet og habilitet](#)

Årsmøtet 2020

Det vil avholdes **digitalt årsmøte 3. juni kl. 16.30**. Kontrollutvalgslederne og lederne for sekretariatene vil motta innkalling på e-post senest 14. dag før. De vil også motta informasjon om praktiske forhold ved selve møtet.

- [Du kan lese mer om årsmøtet her](#)

Styret

Styret har bestemt at møtene skal avholdes digitalt ut året som et sparetiltak for å dekke tapte inntekter fra kurs og konferanser.

Protokollen fra styremøte 28. april er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Du finner den også vedlagt denne e-posten.

På årsmøtet 3. juni vil nytt styre bli valgt. Fire av seks faste medlemmer i dagens styre er på valg.

Nye medlemmer

Fra årsskiftet og fram til nå har vi rekruttert 22 nye medlemmer. Velkommen tilbake til de nye kommunene som har meldt seg inn igjen etter kommunereformen. Spesielt velkommen ønsker vi helt nye medlemmer. Vi satser på å fortsette rekrutteringen utover året.

Bruk hjemmesiden vår! www.fkt.no Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#) De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post til fkt@fkt.no for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer. Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

| www.fkt.no | [@FKT_no](https://twitter.com/@FKT_no) www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat



MØTEPROTOKOLL

Møte:	Styremøte
Tid:	28. april 2020 kl. 10.00 - 13.00
Sted:	Teamsmøte
Deltakere fra styret:	Einar Ulla, Ivar Mork, Dag Robertsen, Liv Tronstad, Marit Gilleberg og Kjell Tore Wirum (vara)
Andre som møtte:	Anne-Karin Femanger Pettersen
Forfall:	Benedikte Muruvik Vonen
Møteleder:	Dag Robertsen

Saksliste:

Saknr.	Saker:
SS 32/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 33/20	Godkjenning av protokoll fra styremøtet 23. mars 2020
SS 34/20	Koronasituasjonen – status for kurs og konferanser
SS 35/20	Økonomirapport 1.kvartal 2020
SS 36/20	Handlingsplan 2020-2021 (innstilling til årsmøtet)
SS 37/20	Fastsetting av kontingent 2021 (innstilling til årsmøtet)
SS 38/20	Budsjett 2021 (innstilling til årsmøtet)
SS 39/20	Innkomne saker til årsmøtet (fra medlemmene)
SS 40/20	Valgkomiteens forslag til styre (innstilling til årsmøtet)
SS 41/20	Styrets forslag til valgkomite (innstilling til årsmøtet)
SS 42/20	Styrets forslag til revisor (innstilling til årsmøtet)
SS 43/20	Årsmøtet 2020 – diverse saksforberedelse mm.
SS 44/20	Høringssvar til NKRF - RSK 001 (standard FR) og RSK 002 (standard eierskapskontroll)
SS 45/20	Tid og sted for fagkonferansen 2023
SS 46/20	Referatsaker:
RS 11/20	Status - Henvendelser til KMD ang. div saker
RS 12/20	Internrapport - Valg av kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg
SS 46/20	Eventuelt

SS 32/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Behandling i møte:

Det var ikke merknader til sakslisten.

Vedtak:

Innkalling og sakliste ble godkjent.

SS 33/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 23. mars 2020

Behandling i møte:

Det var ingen merknader til protokollen fra styremøtet 23. mars 2020.

Vedtak:

Protokollen fra styremøtet 28. mars 2020 ble godkjent.

SS 34/20 KORONASITUASJONEN – STATUS FOR KURS OG KONFERANSER.

Behandling i møte:

Styret diskuterte ulike handlingsalternativer framover for kurs og konferanser

Vedtak:

Styret tar informasjon om situasjonen til etterretning og gjør følgende endringer i kurs- og konferanseplanen for 2020.

1. Det gjennomføres ikke sekretariatskonferanse i 2020. Neste sekretariatskonferanse arrangeres 16. 17. mars 2021.
2. Kontrollutvalgslederskolen som var planlagt 21.-22. april 2020, vurderes å arrangeres i oktober/november 2020.
3. Fagkonferansen som var planlagt 3.-4. juni 2020, avlyses.

SS 35/20 ØKONOMIRAPPORT 1. KVARTAL 2020

Behandling i møte:

Styret gjennomgikk økonomirapporten.

Vedtak:

Styret tar økonomirapport 1. kvartal 2020, til orientering.

SS 36/20 HANDLINGSPLANEN 2020-2021

Behandling i møte:

Styret diskuterte utkast til forslag til Handlingsplan for 2020-2021 og ble enige om noen endringer.

Vedtak:

Styret har behandlet handlingsplan for 2020-2021. Styret vedtok følgende innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2020 fastsetter FKTs handlingsplan for 2020-2021.

SS 37/20 FASTSETTING AV KONTINGENT 2021

Behandling i møte:

Styret ble enige i om å ikke øke kontingentsatsene for 2021

Vedtak:

Styret har behandlet kontingent for 2021 og vedtatt at satsene ikke økes. Styret vedtok følgende innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2020 fastsetter følgende medlemskontingentsatser for 2021:

Kommune 0 - 5 000 innb.	3 500
Kommuner 5 001 - 10 000 innb.	7 000
Kommuner 10 001 – 20 000 innb.	9 000
Kommuner 20 001 - 50 000 innb.	12 000
Kommuner med mer enn 50 000 innb.	15 000
Fylkeskommuner	15 000
Sekretariater	9 000

SS 38/20 BUDSJETT 2021

Behandling i møte:

Styret diskuterte utkast til budsjettforslag 2021 og ble enige om noen endringer.

Vedtak:

Styret behandlet årsbudsjett for 2021. Styret vedtok følgende innstilling til årsmøtet:

- Årsmøtet 2020 fastsetter FKTs årsbudsjett for 2021.

SS 39/20 INNKOMNE FORSLAG TIL ÅRSMØTET

Behandling i møte:

Det er ikke kommet forslag til saker eller vedtaksendringer.

Vedtak:

Styret tar til orientering at det ikke er kommet forslag til saker eller vedtektsendringer fra medlemmene.

SS 40/20 VALGKOMITÉENS FORSLAG TIL ÅRSMØTET (VALG AV NYTT STYRE)

Behandling i møte:

Valgkomiteen innstilling ble gjennomgått.

Vedtak:

Styret tar valgkomiteens forslag til orientering.

SS 41/20 STYRETS FORSLAG TIL VALGKOMITÉ

Behandling i møte:

Styret ble enige om å sende forespørsel til flere aktuelle kandidater.

Vedtak:

Endelig vedtak om innstilling til valgkomité fra styret tas via e-post i god tid før sakspapirene til årsmøtet skal sendes ut.

SS 42/20 STYRETS FORSLAG TIL REVISOR

Behandling i møte:

Styret foreslår Bjørn Gulbrandsen som revisor.

Vedtak:

Styrets innstilling til årsmøtet 2020:

Valg av revisor (ett år):

- Bjørn Gulbrandsen, rådgiver Østfold kontrollutvalgssekretariat

SS 43/20 ÅRSMØTET 2020 – DIVERSE SAKSFORBEREDELSE MM

Behandling i møte:

Styret diskuterte gjennomføring av elektronisk årsmøte 3. juni

Vedtak:

1. FKT avholder elektronisk årsmøte 3. juni kl. 16.30
2. Styreleder Benedikte Muruvik Vonen foreslås til møtedirigent
3. Styremedlem Liv Tronstad og generalsekretær Anne-Karin Femanger Pettersen foreslås til å skrive protokoll
4. Styret gir styreleder fullmakt til å foreslå kandidater som kan underskrive protokollen

SS 44/20 HØRINGSSVAR TIL NKRF – RSK 001 OG RSK 002

Behandling i møte:

Styret diskuterte forslaget til høringssvar og ble enige om noen endringer.

Vedtak:

Styret gir høringssvar som avtalt i møtet.

SS 45/20 STATUS PLANLEGGING - FAGKONFERANSEN 2023, TID, STED/HOTELL

Behandling i møte:

Styret diskuterte alternative tidspunkt og steder for å arrangere fagkonferansen i 2023

Vedtak:

Fagkonferansen i 2023 legges til Trondheim i uke 22, eventuelt uke 23.

SS 46/20 REFERATSAKER

Behandling i møte:

Generalsekretæren orienterte om brev til KMD sendt 18.mars ang. evt. økonomisk kompensasjon angående tap i fm koronapandemien.

I tillegg ble følgende referatsaker tatt til orientering.

RS 11/20	<i>Status - Henvendelser til KMD ang. div saker</i>
RS 12/20	<i>Internrapport - Valg av kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg</i>

SS 47/20 EVENTUELT

Det var ingen saker under «Eventuelt»

28. april 2020

Dag Robertsen
nestleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær